

Kyrkje klokka

Nr 2 - 2016

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

80. årgang




Våre konfirmantar
i Indre Nordfjord

side 7 - 10



Konsert i Sagedammen,
Ulvedal
søndag 3. juli kl 1630

*Helene Bøksle og
St Hallvardsguttene*



Randabygd kyrkje
100 år i 2016

side 3 og 36



Gamle prestegarden i Innvik
ramme rundt spennande
kunstutstilling

F.v: Kari Bergh og
Magne V. Kristiansen

side 11 - 13

KYRKJEFERD

av Vidar Bergset

Eg høyrd gjennom svevnen at mor ropte: -No må du kome deg opp, for du veit vi skal til kyrkje!
 Eg var ikkje sein til å kome meg på beina og byrje å dra på meg søndagskleda som mor hadde hengt over stolryggen fram-mafor senga. Far sat og bar-berte seg med såpeskum i halve andletet – og mor smurde niste til kyrkjeferda.

Tredje kvar søndag var det gudsteneste i Utvik – som var vårt kyrkjesokn, og vår, sommar og haust var det fast kyrkje-tur for folk frå Fjella. Det var kanskje ikkje alle ungane som var med til kyrkje heile tida, men eg var einebarn og kunne ikkje setjast att heime når dei andre for. Eg hadde ikkje noko imot det heller, for kyrkjeturen var ei velkomen oppleveling og hadde både spenning og even-tyr i seg. Men vi måtte først ned den hengebratte vegen til sjøen – «berget» som fjellarane kallar det. Om vinteren kunne der vere snø og is i berget, så då vart det ikkje så mange kyrkje-turar. Men denne dagen var ein klår og strålande haustdag, og vi hadde ikkje gått så langt før eg råka kameratar som også var på kyrkjetur. Og som vanleg så vart foreldra sin fart for liten for oss, og vi byrja å springe ned den kronglete råsa. Den gjekk i store svingar, men vi kutta tvert av alle svingane og sprang så beint ned som det let seg gjere, sprang og hoppa så gras og småstein fauk rundt oss og kom ned eit kvarters tid før dei vaksne. Nede ved nausta var det alt samla ein liten folkeflokk ved steinbryggja, og fleire kom til etter kvart.

Nokre karar drog ut kyrkjebå-tane frå nausta, og der låg dei og vogga på vatnet, Bergset-båten som heitte «Fram» og Sølv-bergsbåten som heitte «Rols». Det var spennande å stige om bord i båten og kjenne kor han flaut. Og båtane vart ofte fylte så det ikkje var ein plass til overs.. Vi ungane vart ofte plasserte mellom ein roar og esinga på båten, eller framme i stamnen. Og så var båtane brått i fart på den glitrande fjorden. Denne dagen var fjorden still og blank, og eg syntest det var himmel både over oss og under oss. Det var som om vi var løyste frå jorda og stemnde fram mellom kvite skyer. Når vi hadde rodd halve vegen var det vanleg å byte roarar. Det var to nes inne i fjorden som glei frå kvarandre, og då var vi halvvegs. Eg han hugse at han gamle Steffå var med oss, og han var blind, men han gjekk «berget» både opp og ned utan særlege problem. Og no sa han: -No er de halvvegs, - no må de byte! Og eg undra meg over at han som var blind, kunne vete det. Seinare fortalte einkvan at han brukte å telje åretaka.

Fjellarane hadde faste plassar der dei drog båtane opp. Og så rusla dei i småflokkar opp til kyrkja. Kyrkja var lys og fin, og der var oftast mykje folk. Klokkaren sat gjerne på plas-sen sin når vi kom inn og var ein gammal mann med skjegg og kalott. Vi var såpass ofte i kyrkja at eg somme tider kjende att folk, og såg at dei hadde andre klede på seg no enn sist eg såg dei. Og der var både gamle folk, og ungar som klatra opp i

benken for å sjå forsamlinga, og nokre som var urolege og fekk tilsnakk av foreldra sine. Der var mykje å sjå på. Altertavla var forunderleg. Ho likna ikkje stort på dei bileta vi hadde på veggen heime. Men det likaste var orgel-musikken. Eg livna til når organisten spela «inntogs-marsjen», - (som vi kalla det), og dei milde tonane var vakre å høre på, men det beste var når organisten sette på krafta så det dirra i veggene. Eg song med i salmane så godt eg kunne, og eg dikta visst til litt på både tonar og ord. Av presten si preike skjøna eg ikkje alltid så mykje, men det var morosamt å sjå kor levande han var på prekestolen når han vart ivrig.

Etter kyrkjegangen gjekk dei fleste ned att til båtane og åt nista si. Far og mor skulle alltid stanse og prate med skyldfolk, som der var ei mengd av, og eg hala og drog i armen til mor og ville ned att til nistepakka der det var rundstykke med pølse på. Når vi kom til lands heime ved nausta, vart det ofte kap-pgang for oss smågutane. Kven kunne kome forast opp berget?

Fleire år etterpå – under krigen – var det eit par kalde vintrar då isen på fjorden låg nesten ut til Tistam. Då gjekk vi på isen til kyrkja, hugsar eg, og eg trudde det skulle bli fort gjort å gå til Utvik. Men det vart ein keisam veg som ingen ende ville ta. Då lengta eg attende til barndomens kyrkjeturar, der vi sigla mellom skyer under blå himmel og gleda var stor og forunderleg.

Randabygd kyrkje 100 år

av Reidar Sørland

Randabygd kyrkje er 100 år i år og soknerådet vil markere jubileet med eit hefte som truleg blir ferdig til sal i september. Jubileumshøgtida vil også bli med der. Vi inviterer Kyrkjeklokka sine lesarar med på ein smakebit av heftet.

Før 1916 sokna folket i Randabygd/Hopland til kyrkjene i Utvik og Vereide. Bygda hadde ikkje

vegutløsing, så robåten måtte brukast til kyrkjeferd. Færingen var kvardagsbåten, men til kyrkjeferd måtte dei bruke stor båt, «femkeiping», og gjerne blei fleire båtar rusta ut. Gravferd var ei utfordring med kiste i båten og kan hende med dårleg ver. Konfirmantane rodde også enten det var Utvik eller Ryssfjøra som var målet. Vaksne var med, særleg dersom

veret ikkje var godt. Dette heldt fram også etter at kyrkja var reist. Etter krigen blei det vanleg å fylge rutebåt til konfirmantførbuingane, men heilt til 1968 reiste konfirmantane her i bygda til Utvik eller Vereide. Første konfirmasjon i Randabygd kyrkje var 3. mai 1968. Else Djuvstein har skildra korleis ei kyrkjeferd kunne vere før 1916. *Dette fortel ho om på side 36.*

Basar i Fjellvarden

av Sidsel Bergset

Den 20. februar i år Hadde Fjelli misjonsforeining sin årlege basar for NMS Det norske misjons-selskap. Vi er ei lita foreining, men om vi ikkje er mange, tek vi det att på alderen. Difor har nok basaren fått «nytt namn»: *Bestemorbasaren!* Eit heidersnamn! tykkjer vi. No må det seiast at vi ikkje hadde klart å gjennomføre basaren utan hjelp av yngre krefter. Alle vi spør om praktisk hjelp, svarar ja så sant dei kan. Det takkar vi hjartegleg for! Og at basaren vår er populær, syner på frammøtet. Her kjem minst tre generasjonar som tek lodd og kjøper árar. Mange tek på seg å selje árar, og når vinstane skal

delast ut til heldige vinnarar, er det ein flokk av dei yngste som kappast om å springe rundt med vinstane. Frå september/oktober og fram til mars/april har vi foreningsmøte som regel annakvar veke heime hos kvarandre. Vi syng, har ei kort andakt og les frå Misjonstidende, - og spøta kjem fram! Kaffipause høyrer med, og det vanlege er at vi har med nistepakke, slik at det ikkje skal bli for mykje å stelle i stand for den som har møtet. Foreningsmedlemene sjølv gir basarvin-stane, noko vi arbeider med og har i tankane heile året, men ein del får vi og av gåvmilde bygdefolk. God hjelp til å gå med basarbøkene får

vi kvart år av Bodvar og Håkon. Dei seier at dei blir godt mottekte når dei kjem.

Dei siste åra har vi hatt eit populært innslag på basaren. Det er auksjon av litt spesielle ting, gjerne også gamle ting. Ottar har blitt vår faste auksjonarius; han meistrar jobben med glans. Den gode mat-pausa med påsmurde skiver og kakker er og populær, og som takk for maten går lodd- og åresalet ekstra godt etterpå. Midt i programmet er det alltid ei andakt, av og til med lysbilete eller filmar der misjonen står i fokus. Toril Lange har vore trufast andaktshaldar i mange år, men og andre har vore her når Toril har vore forhindra.

Fjelli misjonsforeining hadde 140-årsjubileum i 2009. Vi finn namnet i protokollane til Bergen krins av NMS første gong i 1869. Og når vi veit at Det norske misjonsselskap vart stifta i 1842, er det imponerande. Om vi kan feire 150 årsjubileum i 2019, veit vi ikkje. No gled vi oss over at basaren dette året var særsvellukka, og gava på over 30 000 kr sendt til Det norske misjonsselskap. *Vi takkar bygdefolket og alle gode hjelparar for at de er så positive og støttar oss på alle vis. Tusen takk!*

Det velfylte gevinstbordet i Fjellvarden
Foto Alv O. Bergset



Familiegudsteneste i Utvik Kyrkje

Palmesøndag var det familiegudsteneste i Utvik kyrkje. Det var ei fin gudsteneste med utdeling av 6 års bok til Elise Kårstad og Natasha Piwko. Utvik



Bilete t.v; Utvik Barnekor i prosesjon og på biletet i midten underheldt dei

av Kari-Anne T Haveland

Søndag 31. mars arrangerte Utvik Sokneråd kyrkjelydsfest og årsmøte i Urdabrunn. Jan Gudmund Skrivervik underholdt med song og musikk, og heldt songandakt. I tillegg deltok Utvik Barnekor og Felejentene med flott song og musikk.



Barnekor gjekk inn i prosesjon med påskeliljer og underheldt med flott song under gudstesta. Kjekt at mange hadde tatt turen til kyrkja denne søndagen.



Elise Kårstad og Natasha Piwko fekk 6 års boka av sokneprest Harald Runde

Kyrkjelydsfest i Urdabrunn

Det var også blomsteroverrekking til Edith Kårstad, som etter mange år som sekretær i Utvik sokneråd, no har sagt opp si stilling. Utvik Sokneråd ynskjer å takke ho for den flotte innsatsen ho har gjort i soknerådet, og for mange års godt samarbeid.

Takk til alle som kom og deltok på kyrkjelydsfesten.



Utvik Barnekor



Bilete til venstre; Jan Gudmund Skrivervik og til høyre Felejentene



Kyrkjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:

Knut Sigurd Gald
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsførar/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik
6788 Olden. Tlf 990 28 076
john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivilleg.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf. 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12
Privat 57 87 41 15
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Sokneprest Knut Gjengedal
knut.gjengedal@stryn.kommune.no
Vikarprest Henny Koppen
Mobil 916 01 630
henny.koppen@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33
Mobil 908 83 948
Sokneprest Mari Saltkjel
sokneprest@hornindal.kommune.no

Kyrkjeverjer

Stryn kommune

Børre Lian
Tlf. 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
borre.lian@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57 87 98 34
Mobil 459 14 954
Måndag og torsdag kl. 09 - 13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Velkommen til Sommarleirar på Nesholmen



Barneleir 1 17.-19. juni

1.-4. klasse

For medlem kr 850,-

For ikkje medlem kr 950,-

På leiren vil vi legge vekt på å ha mykje av programmet utandørs.

Vi vil:

- lage mat ute, padle og gå tur.
- bade og leike.
- brenne bål og synge og ha kveldsandakt ved bålet.
- Dei som vil, skal få høve til å sove ute i gapahuk ei natt (tett ved Nesholmen)

Vi skal vere meir ute enn inne.

Aktivitetsleir 20.-23. juni

4.-7. klasse

For medlem kr 1 100,-

For ikkje medlem kr 1 200,-

I år vil det bli lagt opp til at ein kan velge ein av tre aktivitetar som ein har tirsdag og onsdag.

Aktivitetane er:

Vannsport: Det vil bli lange kano/

kajakk turar ut på den vakre Storefjorden der ein kanskje går i land på ei øy og grillar litt? Bading og aktivitetar i vatn høyrer sjølv sagt også med når ein vel denne aktivitetene!. Er du glad i vatn – bør du velje dette!

Dans & Drama: Eliane Wergeland kjem og vil, saman med sin hjelpar Olaug, ha det kjekt med skodespel, dans og leik. Så for dykk som likar desse aktivitetane - velg dette!

Klatring - ballspel: Dersom du likar litt action og ballspel får du høve til å prøve klatring og utfalte deg med fotball, basketball, volleyball, badminton, kanonball + +

Barneleir 2 24.-26. juni

1.-4. klasse

For medlem kr 850,-

For ikkje medlem kr 950,-

Dette blir ei knall helg der vi kosar oss med godt fellesskap og kjekke inne- og ute aktivitetar

Aktivitetar: Som ballspel, kano, padling, bading, fokustime, god mat og gudsteneste verkstad der vi lagar vår eiga gudsteneste.

Lyst å vere med??? Gå inn på kfuk-kfum.no/sfj og meld deg på!!





Av Mari Saltkjel

Tankar langs vegen...



Gudstenestefeirande fellesskap

Eg får ofte spørsmål om korleis det er å vere prest. Då svarer eg ærleg, rett frå hjartet. Det å vere prest er noko av det finaste eg har gjort for meg sjølv. Tenesta er ei gavet til meg og livet mitt. Og noko av det finaste eg veit er å feire gudsteneste.

Det har ikkje alltid vore slik. Då eg var ei lita jente var eg og familien min ikkje så ofte i kyrkja for å feire gudsteneste. Men delar av desse få opplevelingane fekk vere med heim. På badet hadde eg i periodar gudsteneste saman med nokre vener og katten Flekken. Då var det dåp og innsamling av kollekt, og eg var sjølvsagt alltid presten.

Fyrst som voksen vart eg meir eller mindre tilfeldig gudstene-stedeltakar igjen. Eg kunne svært få av salmane. Eg opplevde ofte preikene som svært lange og tunge og husker at eg syntes det var litt

pinleg å sitte igjen for å sjå på under nattverdsmåltidet. Eg opplevde ikkje gudstenesta som eit sjølvsagt fellesskap for meg. Det var fint å vere der, men eg tenkte ikkje på meg sjølv som ein person som hadde sin naturlege plass i alt dette som skjedde i kyrkjerommet.

I løpet av prestestudiet forstod eg at dette med å feire gudsteneste var noko eg måtte øve på. På praktikum var det obligatorisk å feire gudsteneste kvar dag. Eg trengte å vere med på ganske mange gudstenester før eg forstod innhaldet og korleis det liturgiske dramaet faktisk hadde ein samanheng med livet eg lever.

Det er mange som er glad i kyrkja si her i Indre Nordfjord. Det veit vi. Men det veit ikkje nødvendigvis dei som bestemmer over korleis ressursane skal fordelast mellom små og store sokn. Når diskusjo-

nane om økonomi, sentralisering, ressursfordeling og storleik fortset er det å gå til kyrkje og feire gudsteneste saman det viktigaste vi kan gjere for kyrkjene og kyrkje-lydane våre si framtid. Dette er ei prioritering som vil gje resultat. For kyrkjelyden din. For deg som person. Og for dei som du er glad i. Det vil truleg bety mykje meir enn du forstår dersom du ikkje har vore så mykje i kyrkja i det siste.

Fellesskap er ei oppleveling som i stor utstrekning er avhengig av kontinuitet. Neste gang kyrkje-klokene kallar til gudsteneste der du bur vil eg be deg om å møte. Lat det å feire gudsteneste bli ei av mange prioriteringar i livet ditt. Gje deg sjølv høve til å reflektere over gudsatilete, viktige verdiar i livet, synd, forlating og forsoning i ei ramme som rommar alle slags dagar og livsvilkår.

Gudstenester og lydkvalitet

Av og til får eg beskjed om at det har vore vanskeleg å høre kva som blir sagt under gudstenestene. Det er viktig med slik tilbakemelding fordi vi er opptatt av at alle skal høre det som blir sagt. Men det er ikkje alltid så lett for oss som er i teneste fordi vi ikkje veit korleis lydkvaliteten er i kyrkjerommet. Eg vil difor be alle om å ta kontakt med prest, kyrkjetenar eller tilsette på kyrkjekontoret dersom de har informasjon som gjeld kvaliteten på lydanleggget.

Mari Saltkjel

Redaktøren sitt hjørne

Dette nummeret av Kyrkjebladet er fylt opp med mange flotte stykker og bilete. Redaktøren takkar hjarteleg alle som har bidrege, både med å skrive, levere bilete inkl. bilete av våre flotte konfirmantar og dei som har kome med tips og idéar. Utan dokke vert det ikkje noko blad, og denne gongen har redaktøren ikkje hjarte til å seie nei og har utvida bladet frå 20 sider heile 5 gongar med 4 sider kvar gong, til rekordstore 40 sider, m.a.o. eit dobbeltnummer. Ein riktig God Sommar til alle. Rusle deg ein tur i naturen og gjer som Sven Ingvars sang om på 1960-talet; "Ta ein prestkrage i di hand", dei står flott no framover på bør og i eng.



Riktig god sommar

Konfirmantar i Indre Nordfjord 2016



Oppstryn

Fv: Sokneprest Henny Koppen, Kaisa Vollsnes Wemby, Eirik Egge Eimstad (konfirmert i Randabygd), Rasmus Skaare Tjellaug, Therese Skåre og kyrkjelydspedagog Janet Rudolph.
Foto Alf Terje Glomnes



Randabygd

Fv: Sokneprest Mari Saltkjel, Martin Aaland, Rasmus Bersvein Tvinnereim, Eirik Egge Eimstad (Oppstryn), Markus Egge Lykkebø, kateket Beate Nes. Foto Reidar Sørland



Nordsida

F v bak: Sokneprest Mari Saltkjel, Daniel Hagen, Elias Bergset, Nikolai Dispen Lødemel, kateket Beate Nes. F v framme: Oda - Elise Sølvberg Slettenes, Maria Belinda Bergset, Rebecka Sollid, Tea - Mari Stensaker. Foto Anders Flore



Utvik

Framme f.v. sokneprest Harald Runde, Astrid Lovise Hilde og Dorthea Solheim. Bak f.v.: Vegard Vedøy Drageset (Innvik), Eirik Bruland og Rune Tvendeseter (Innvik). Foto Geir - Ståle Vatnamo



Innvik

F.v.: Kyrkjelydspedagog Ann Elin Aabrek Lie, Frank Marius Lyslo, Sandra Vindfjell Frøholm og sokneprest Harald Runde. Foto Geir - Ståle Vatnamo



Loen

Framme frå venstre:
*Sokneprest Henny Koppen,
 Rickard Loen, Kristian
 Nesje, Fredrik Tendeland,
 Saulene Juskeviciute,
 Martine Rake, kateket
 Beate Nes, kyrkjelydspeda-
 pog Ann Elin Aabrek Lie.*

Bak frå venstre:
*Julie Sande Sollid, Sarah
 Hogrenning Johansen,
 Eirik Sæten, Karile
 Paulaityte, Sol Sande
 Sollid*

Foto Ole Eltvik



Nedstryn

Frå venstre 1. rad: Kristin Flo Kandal, Sofie Fredheim, Jakob Haugen Vinsrygg, Alberte Kirkeeide Næss, Jakob Bø, Andrine Lødemel Bøe, Vegard Vinsrygg Steen, Synne Indrebø Heisig, Nina Cathrin Vik Strand.
 2. rad: Siv Visnes, Daniel Auflèm Eikås, Sara Timurtas, Astrid Irene Værøy Sørensen, Eli Visnes, Mariell Nesdal Folkedal, Fredrik Nesje Lindvik, Aleksander Volland Skeistrand, Markus Sætre, Andreas Flo Stavik, Eline Hettle Alsaker, Simen Brynestad Sunde, Ole-Ivan Glosvik Espeland, Kyrkjelydspedagog Janet Rudolph.
 3. rad: Sokneprest Henny Koppen, Johan Olav Parr Flo, Anders Lunde, Martine Skrede Edvinsen, Heidi Heggestad Kvamme, Magnus Midthjell Gjørven, Jenny Adina Fure, Kornelia Sunde Flo, Thomas Hundvebakke Raudi, Erlend Folven.
 4. rad: Anders Folkestad Berentzen, Snorre Øvreberg, Daniel Rochak Brekke, Karoline Nordheim Otterdal, June Roksvåg Leirgulen. 5. rad: Jakob Eikenæs Frøholm, Robert Sunde Tye, Peter Marquard Frausing, Marius Arntsen, Bjørn Kristoffer Trydal Solheim, Tommy Nicolai Vik Strand, Marcus Watral Garlid. Foto Ole Eltvik

Olden

Framme frå venstre:

Prest Harald Runde, Maria Lundebrekke, Sol Sande Sollid (Loen), Julie Sande Sollid (Loen), Adele Gjertsen, Jannike Melheim, Sofie Solheim Eide, Martin Melheim Beinnes, Kyrkjelydspedagog Ann Elin Aabrekk Lie.

Bak frå venstre:

Svenn Jarle Mykløen, Kjetil Myklebust, Fredrik-Elias Stokke Melheim, Harald Øye Rustøy, Magnus Melheim Beinnes, Stian Gjengedal Olsbø.

Foto Ole Eltvik



Hornindal

Bakerste rekke frå venstre:

kateket Beate Nes, Ivar Børge Seljeset, Jonas Trygve Flåm Røberg, Jardar Gullbrå, Tobias Hage Brendefur, Mathias Pacheco Valle Grodås, Oscar Stokkeland, Fredrik Grothaug Myklebust, Håvard Kroken, Magnus Iver Seljeset, Marius Olai Nygård Seljeset.

Fremste rekke frå venstre:

Sofie Lødøen Øen, Alexandra Heggen Solum, Ingeborg Hatledal Svår, Trine Tomsgard, Andrine Høgalmen Støverstein, Andrea Kroken, Andrine Norevik Nygård, Kine Cecilie Ludvigsen, Ingvild Ytrebø Storevik. Foto Ole Eltvik

Kunstutstilling i Innnvik

Påska 2016

av Knut Sigurd Gald




Rubin - Ruben ætta



Topas - Simeon ætta




Smaragd - Gad ætta



Turkis - Juda ætta




Safir - Jissakar ætta



Diamant - Sebulon ætta



Opal - Efraim ætta



Agat - Manasse ætta



Ametyst - Benjamin ætta



Krysolith - Dan ætta



Karneol - Asjer ætta



Jade - Naftali ætta

I påska arrangerte *Innvik sokneråd* utstilling i gamle prestegarden i Innvik med kunstnarane *Kari Bergh og Magne V. Kristiansen*. Medan kunstnaren frå Fjelli har henta motiva sine frå moderne tid i Nordfjord, har kunstnaren frå Innvik gått tilbake fleire tusen år og brukta andre Mosebok kapittel 28 som utgangspunkt i sine motiv. Her har Kari teke for seg dei tolv steinane og Arons kledning. For kvar av desse smykkesteinane, som er både edelsteinar og halv edelsteinar, kjenneteiknar desse den enkelte ætt eller stammer i Israel. Kari Bergh har arbeidd ein god del med å treffen dei rette fargane slik det står i Bibelen. Studerer ein akvarellen, er det ikkje berre steinane som er med i motivet. Med er også kartet over områda der den enkelt ætt slo seg ned. Dette er eit område som idag er ein del av Israel eller tilstøytande område.



Kjortel



Kappe



Efod



Hue



Brystduk

Andre Mosebok Kapittel 28 Prestedrakten

15 Du skal lage et bryststykke for domsavgjørelser. Det skal være i kunstvevning slik som efod-drakten. Du skal lage det av gull, purpurblått, purpurrødt og karmosinrødt stoff og fint, tvinnet lin. 16 Bryststykket skal være firkantet og brettet dobbelt, ett fingerspenn langt og ett fingerspenn bredt. 17 På det skal du sette fire rader med steiner i innfatning. I den ene raden skal det være en rubin, en topas og en smaragd, 18 i den andre raden en turkis, en safir og en diamant, 19 i den tredje raden en opal, en agat og en ametyst 20 og i den fjerde raden en krysolitt, en onyks og en jade. De skal settes i innfatninger av gull. 21 De tolv steinene skal bære navnene på Israels sønner, en for hvert navn. På hver Stein skal navnet på en av de tolv stammene være inngravert, slik som i et signet.

For dei besøkande på utstillinga i den gamle prestebustaden i Innvik, kunne ein også kvile augo på flotte måleri frå den Nordfjordske natur, måla av Magne V. Kristiansen frå Fjelli. På Fjelli har han bustaden sin med kunstverkstaden "eit steinkast" unna, i andre etasje over Coop-butikken.

Det øvste måleriet har motiv frå Kvalen, mellom Randabygda/Hopland og Hennebygda. Det andre frå den flotte og mektige naturen i Hoddevika på Stadlandet i Selje kommune.



Skogsinteriør Kvalen



Skumkranser i grønn bølge Hoddevika

Konsert i stova

av Alv O. Bergset

Dei fleste av «Kyrkjeklokka» sine leesarar kjenner Vidar Bergset som forfattar, lærar i barneskulen og i folkehøgskulen, talar, radiokåsør og emissær, - og i tidlegare år som allsidig idrettsmann i hoppbakken og som sprintar på vår dåverande idrettsbane som var identisk med bygdevegen Blakset - Nos. Det høyrer også med at han rundt 1950 vann bronsemedaljen i tresteg i krinsmeisterskapen for Sogn og Fjordane.

Men ei side ved Vidar som har kome mindre fram, er dei musikalske interessene, - ikkje så mykje gjennom utøvande musikk, men som formidlar. Som pensjonistar har han og kona Sidsel fleire gonger gjennom vinterhalvåret invitert til ope hus i heimen på Lundberg. Og der, - mellom bokreolar og hylle med CD-ar og gamle vinylplater presenterer den no 88 år gamle tidlegare trestehopparen ein variert meny frå alle årgangar og musikktypar, eller som han seier sjølv: Alt anna enn Black Metal. Ein slik kveld kan vere svært allsidig, frå orgelkonsert av Johan Sebastian Bach, via popmusikk av Bob Marley til visesong med Vidar Sandbekk, - og ikkje å forgloyme folkemusikken.

Og her kjem pedagogen inn i biletet. Før han «sveivar i gang» eit musikkstykke, så fortel han gjerne om komponisten si musikalske utvikling, og kven som har påverka kven. Særleg gjeld dette under den faste posten på programmet som heiter Kveldens komponist.

Og publikum, - som stort sett kjem frå grannelaget, men til tider også meir langvegsfarande, får hakeslepp når Vidar auser av sine kunnskapar, - krydra med detaljerte hendingar frå tonekunstnarane sine liv.

Ein annan fast post på programmet er 5 favorittar der ein av dei fram-



møtte på førehand er oppmoda om å ta med seg 5 CD-ar med musikk han/ho likar. Under denne seansen merkar vi at føter trippar takta mot golvet under salongbordet i stova, og det vert servert nikkande og gjenkjennande smil frå både den eine og den andre. Og som i alle andre konsertlokale sit applausen laust.

Etter kvart oppdagar vi at Sidsel i all stillheit har hamna på kjøkenet der ho førebur servering av ulike former for heimebakst, og då med kaffi eller/og saft attåt, og rett som det er har ei av grannekonene supplert med eit eller anna i same retning. I denne pausen får CD-spelaren kvile medan praten går, både i matkøen rundt kjøkenbordet og i godstolane i stova. Dei som søker til konsertar i Royal Albert Hall og liknande tilbod rundt i verdsmetropolane går glipp av noko viktig i så måte, men på Lundberg er det «full pakke».

Etter ein slik kveld er det ein flokk lukkelege og takksame tilhøyrarar som ruslar heimover, endå ei oppleving rikare, og framleis med ein melodi tonande for det indre øyre.

«Kyrkjeklokka» sin utsende tok ein prat med dei to pensjonistane og spurde mellom anna om korleis dei fekk ideen til å opne heimen sin på denne måten. Dei kunne då fortelje at musikk-kveldane på Lundberg eigentleg var eit framhald av arbei-

det med ein ungdomsklubb der musikk var eit av hovudementa.

Men etter kvart som mengda av musikk auka, så vart det klart for oss at fleire burde få del i denne skatten. Det heile starta med at vi ringde rundt til nokre grannar og inviterte dei til lyttekveldar. Men for at ingen skulle kjenne seg ekskluderte, så gjekk vi etter kvart over til å sette opp plakatar der alle vart inviterte.

Dette er no bortimot 20 år sidan, men dei fleste plakatane er arkiverte i ein perm.



Men kor mykje musikk har de å velje mellom til eit slikt kveldsprogram?

Og her er det tilnærma full oversikt: «Ved siste oppteljing hadde vi i overkant av to tusen CD-ar og vinylplater.»

Etter ei rask hovudrekning hos «den utsende» som føreset fleire ulike musikkstykke pr. skive, så er det ei alvorleg mengde musikk vi snakkar om, og eit naturleg spørsmål melder seg:

Korleis maktar de å blade gjennom alt dette når de skal sette saman eit program?

Også her openberrar systematikaren seg: «Jau, alle platene og CD-ane er katalogiserte innan sine respektive kategoriar, så som Klas-

sisk, Folkemusikk, Jazz, Gospel, Rock, Viser, Soul o.s.v. Det gjer det enklare å finne fram til det vi leitar etter». Når det gjeld den pedagogiske biten, så tileigna Vidar seg mykje av kunnskapen då han som lærar i Folkehøgskulen fekk ansvar for faget Musikkforståing, og på musikkveldane blir dette presentert i ei form som er tilpassa noko meir vaksne tilhøyrarar.

Sidsel og Vidar er svært samkøyrd når det blir spurt om favorittmusikk og favorittkomponistar. Då kjem namna på dei klassiske komponistane som perler på ei snor, både Beethoven, Mozart og Bach er med i rekka.

Men kan de så dele med lesarane kva som er dykkar største musikkoppleving?

Svaret kjem nesten før spørsmålet er ferdigstilt, og dei to ser på kvarandre og smiler medan dei nesten snakkar i munnen på kvarandre: «Vi elskar korsong, og to opplevingar peikar seg ut: Ein konsert i Volda kyrkje for mange år sidan der elevkoret ved lærarskulen framførde Alnes sin Julemotett, og der Sidsel var med i koret, -og ein konsert i Stryn Kulturhus i seinare tid med Prots og Sunnivakoret. Desse konsertane sit spikra fast i minnet».

Etter denne mimmrunden vert det ein augneblink heilt stille i stova, før det siste spørsmålet blir stilt:

Korleis opplever de gong på gong å vere vertskap til desse musikkveldane?

Også her er svaret samstamt: «Vi hadde ikkje halde fram med dette dersom det ikkje var ei stor glede for oss. Når kvelden kjem og dørklokka seier Pling Pling, så blir vi glade og takksame for å sjå dei blide andleta som kjem til syne i dørropninga.»

P.s: I skrivande stund veit vi at dei to er i full gang med planlegging av neste konsert, og den er nok gjenomført når Kyrkjeklokka kjem i postkassene.

Informasjon frå Prosten:

Prestetenesta i Hornindal og Indre Nordfjord

Mari Saltkjel har søkt om overflytting til prestetenesta i Ytre Nordfjord då ho har flytta til Måløy. Prosten i Nordfjord har i samråd med Bjørgvin bispedømeråd flytta ho over til teneste i Vågsøy etter ferien. Frå 1.september er soknepreststillinga i Vågsøy ledig, og prosten har i samråd med biskopen tilsett Mari i denne stillinga.

Mari står som sokneprest i Hornindal fram til ferien byrjar 11. juli, men det vert avskilsgudsteneste med Mari i Hornindal kyrkje 12. juni kl. 11 der prosten vert med. Første delen av juli står Mari til disposisjon for prosten. Når soknepreststillinga vert utlyst er endå ukjart, grunna dårlig økonomi.

Frå 1. juli til 7-august vert Irlin Bråthen, student og sommarvikar, prest i Hornindal og Indre Nordfjord.

Frå 15. september vert pensjonert sokneprest Olaf Sigurd Gundersen vikarierande sokneprest i Hornindal. Han skal vere godt kjend i Indre Nordfjord, han har vore mangeårig sokneprest i Gloppe og no siste året har han vikariert i Eid.

Elles står Henny Koppen som vikarierande sokneprest i Stryn så lenge Knut Gjengedal er sjukmeld, i tillegg til at ho har sjukehusprestetenesta og Seljumannamessekomiteen. Bjørgvin bispedøme har òg gått inn med 20% konfirmantlærarstilling for hausten, slik dei har gjort i konfirmantåret 2015/16.

Eg må også nemne at i tillegg til kateket Beate Nes har pensjonistane Jon Ytrehorn og Erling Tronvik vore gode vikarar og vil framleis kunne stille opp når kabalen ikkje går i hop.

Så med dette opplegget kjenner eg meg trygg på at prestetenesta vil vere i gode hender også framover, og eg vonar at folket møter opp til gudstenester og andre arrangement.

Velsigna sommar!

Rolf Schanke Eikum
prost

Det er makt i de foldede hender...

Vi veit at det allereie er mange som ber for trusopplæringsarbeidet i Indre Nordfjord, det er godt å vite! Takk for det viktige arbeidet de gjer, vi håpar de vil halde fram med dette! Vi trur bønn utgjer ein skilnad, og er takksame for all den tid og omtanke som blir lagt ned i denne viktige tenesta. I denne spalten vil vi i kvart nummer dele nokre bønneemne med dykk.

I dette nummeret vil vi særleg minne om desse punkta:

- Sommarleirane i regionen
- Neste års konfirmantkull
- Trusopplærингssamlingane denne hausten (Førsteklasses, hausttakkefest og sjørøvarfest)

- Festhelga med team Sulebakk 10. og 11. september

Vi ønskjer framleis å knytte til oss nokre som kan tenke seg å gå inn i ei meir fast bøneneneste for trusopplæringer. Vi vil med jamne mellomrom sende ut e-post med oppdateringar og meir konkrete bønneemne. Om du kan tenke deg å vere ein slik forbedar, er det fint om du tar kontakt på e-post: annelin.lie@stryn.kommune.no



Intervju med Mari Saltkjel -

den første kvinnelege soknepresten i Hornindal takkar av og vert sokneprest i Vågsøy

av Knut Sigurd Gald

Soknepresten vår i Hornindal prestegjeld sidan 2008, vert frå i sommar av sokneprest i si barndoms bygd. Her kjem ho nærmare familien, noko ho set stor pris på. Samtidig gjev ho uttrykk for ei tid i Indre Nordfjord som ho også set stor pris på.

Kan du fortelje litt om tida di som prest i Hornindal?

Den 6. januar 2008 blei eg ordinert til teneste i Hornindal, Randabygd og Nordsida sokn. Eg var ferdig med både lærarutdanning og teologistudium. Framfor meg låg den mest lærerike utdanninga av alle; livets skule. Eg huggar fortsatt kor mykje eg fraus den fyrste vinte-



Her går "bussturen til Stryn" - i stova heime i prestebustaden.

flink, og eg sa ja til å vere med på så mykje at eg ofte var på reisefot til nye, store arrangement. No har eg vore mest opptatt av å vere prest her. Og det trur eg har vore godt, både for meg og kyrkjelydane.

Korleis er familielivet og prestlivet her i Indre Nordfjord?

Det å få ein eigen familie har vore godt for meg. Og så er det slik at ingen effekt er utan konsekvensar. Av og til er det vanskeleg å vere utilstrekkeleg når borna spør om kvis for mamma alltid skal arbeide når vi endeleg har fri. Og av og til er det ei plage å ikkje få til å vere liturg når små barn drar i albaen. Mest av alt har nok livet som mor til to og til eit alvorleg sjukt barn gjeve meg livserfaringar som eg trur gjer meg til eit betre menneske og prest. Eg kjem aldri til å gløy-me Hornindal prestegjeld.

Her har vi levd desse viktige dagane som vi kallar livet. Vi har plukka po-

teter saman med Jon og barnehagen. Reist uendeleg mange bussturar til Stryn i stova vår. Vi har øvd på å sykle, på å uttale bokstavlydane rett og øvd ualminneleg mange gonger på å lære oss å vente og bruke innestemma vår. Her i Hornindal har livet lært meg å ha ein stor kjærleik til kvardagane. Rolla som prest, derimot,

er på mange måtar mykje enklare. Presten får jo lov til å gå ut av rommet der sorga er stor. Presten kan seie «takk for no, på gjensyn» til den som stirr med livet og trua. Presten skal bare vere ein ressurs, ein leiar og medhjelpar ei lita stund.

Kvífor skal du begynne i ny teneste i Vågsøy?

Når stillinga i Vågsøy blei ledig takka eg ja til den fordi eg ønsker å bu der slekta mi bur. Etter separasjonen skal eg stort sett vere åleine som forelder til to små barn. Då er det godt å ha god hjelp i besteforeldre, tanter og onklar og søskerbarn. Eg har vore såpass



Giftarmål og vigslig i Nordsida kyrkje

ren. Det var nok ein spesielt kald vinter, og eg hadde aldri før budd ein stad utan vintersol. Og sjølv om eg kunne føle meg einsam i den store prestebustaden opplevde eg meg svært velkommen, både som prest og person. Eg føler nok mest at eg skil mellom tida før og etter fødselspermisjonane. Då eg var ny var eg veldig opptatt av å vere



mykje åleine at eg veit kor mykje den daglege hjelpa betyr for meg. Eg er takksam over at eg ikkje lenger skal vere den som skal klare alt sjølv.

Korleis har du opplevd arbeidet i dei tre kyrkjelydane?

Eg har klaga litt over køyreforholda her i Indre Nordfjord, og husker godt ei preike eg hadde etter ein sommarferie i Stockholm. «Det er dei tronge vegane som har møteplasser». Dette behovet av å kunne gå eller køyre fort og uhindra til målet sitt er så konkret i store byar. Då var det rett og slett befriende å komme heim til smale vegar og stupbratte fjellklipper. Eg er glad i bygdene og kyrkjelydane. Dei er kanskje meir ulike enn eg hadde trudd då eg begynte her. Felles er nok ei sterk kjensle for kyrkja si. Og mange menneske som gjer mykje i det stille. Det trur eg nok eg blir mest rørt av. Eg veit vi har

gjort mykje som har vore viktig og godt for menneska som bur her. Og så veit eg at vi ikkje strekker til og at mange kunne trenge eit besøk av ein prest eller annan frå kyrkja.

Med meg i bagasjen til Hornindal hadde eg draumen om å vere «prest på landet». Det har vore godt å lære seg å vere prest i Hornindal prestegjeld. Eg er blitt svært glad i kyrkjene her. I menneska som bur her. Eg har lært mykje om kor mykje stort som skjer i dei aller minste bygdene og veit kor mange som er glad i kyrkja der dei bur. Barne og ungdomsarbeidet rundt om i sokna har vore eit hjartebarn for meg og som eg har storkosa meg med, fortel Mari. Og så er eg veldig stolt over trusopplæringsplanen vi fekk utarbeidd her i Indre Nordfjord, ein plan som er konkret på kva vi skal gjere. Og då vert eg veldig stolt over at Bjørgvin bispedømeråd skryt av trusopplæ-

ringsplanen vår og seier den er av det aller beste som er utarbeidd. Livets skule er nok den viktigaste skulen av alle. Eg har fått oppleve å bli mor medan eg har vore prest her hjå dykk. Det har vore ein prosess som har vore vanskeleg og herleg, og det er ikkje alltid så lett å forstå kva som er kva medan ein er midt opp i desse åra, avsluttar Mari og sender ei stor takk til alle i dei tre sokna som ho har fått lov til å være prest for sidan 2008. Med måten prestetenesta no er organisert i Nordfjord prosti, med vaktsystem som gjer at noko av jobben vår er utanfor eige prestegjeld, skal dokke ikkje sjå bort frå at eg dukkar opp i forskjellige settingar her i prestegjeldet også etter at eg har teke til i prestegjerninga mi i Vågsøy.

Kyrkjeklokka takkar Mari for godt samarbeid og ønskjer ho lukke til vidare, både i privatlivet og som sokneprest i Vågsøy.

Seljumannamesse med katolsk biskop og populær songar

Seljumannamessa i år går føre seg den 3. juli, og gudstenesta er på Selja kl 1100.

I år er Bernt Eidsvig med som forkynnari under gudstenesta. Eidsvig er katolsk biskop av Oslo, og for oss er det ei glede at han vil vere med på denne gudstenesta. Som øvste leiar for den katolske kyrkja i Noreg har han mykje å stå i med, og avtalen om deltaking på Selja vart gjort alt for to år sidan. Sokneprest i St. Olavs katolske kyrkje i Oslo, Pål Bratbak er med han, og han vil også delta i gudstenesta, saman med våre eigne prestar og kyrkjefolk.



Musikalsk trekkplaster i år er Helene Bøksle. Ho er ei av våre store songstjerner, ein svært erfaren og dyktig liveartist og for TV-publikum mellom anna kjend frå Stjernekamp. Ho gler seg stort til å kome til Selja, og har denne gongen eit samarbeid med St. Hallvardsguttene, som også deltek på gudstenesta.

Laurdags kvelden 2. juli blir det konsert med desse i Selje kyrkje, men for oss i Indre Nordfjord må vi vere merksame på at den same konserten blir gjennomført dagen etter den 3. juli kl 1630 ved Sagdammen på Ulvedal. Her er det altså mykje å glede seg til. Den som vil til Selja må tidleg opp søndag, men det lar seg gjere.

Velkomne

Hei hei Heidal

Speidarlivet er enkelt og det enkle livet er det beste. Vi frå patruljen HAVØRN (jenter i 5.klasse) var på tur siste helga i mai, og hadde det topp. Vi kom trøytte og glade tilbake søndag ettermiddag. Den gleda har vi lyst å dele, for då doblar den seg som kjent.



Margunn Hjelmeset, speidar-mamma, har hytte i Heidal, og ho inviterte patruljen med dit, og fredag, 27. mai reiste vi - alle i ein bil, for Margunn har 8 sete i bilen sin. Det tar 2,5 timer å køyre til hytta, men vi kom ikkje så veldig langt før første stopp. Å vasste på Dispaholmen hadde ikkje vi gjort i år, så det var på tide!

Oppå Strynefjellet viste seg at det var masse snø igjen, så der tok vi av oss på beina og sprang - ååå, kor godt og kriblende varmt det blir i føtene, ETTERPÅ. Dette anbefalast sterkt - så helsebringande og gøy er det!



"Vi" hadde bestemt oss for mobil-pause frå Strynefjellet til Lom for å kommunisere litt face to face. Etter ei stund trøng ikkje vi mobil

lenger, for vi leika, snakka og song så mykje at vi hadde gløymd denne firkanta greia som vi alle har blitt så avhengig av. «Kan du ein song som startar på... S...I...H???» Den som fyrt kjem på songen berre startar, og etter kvart stemmer resten av gjengen lydsterkt i.

Ein stor og fin is på Skjåk hjelpte godt når det galdt å kome på rett song. Jentene har gode, fine stemmer og til ein av våre favorittsongar "I den mørke

kveld, lyser bålets glør..." blei alle

forsongarar. Framme i Heidalen tok vi inn på hytta og kvelden blei avrunda med heime-laga kultur-program, kortspel og risengryns-graut.

Forventningsfulle sto vi opp laurdag morgon. Brimis-



Magdalena Kasperska, Astrid Bolik Nissestad, Oddrun Hjelmeset Kyrkjeeide, Shelly Rudolph, Hedda Belden Ulen

kogen klatrepark venta nemleg på oss. Alle gledde seg. Nokon hadde klatra før, andre hadde aldri prøvd. Frukostvaka (inndeling etter liste - alle måtte hjelpe til!) var flinke og vi reiste

med nysmurt niste til klatreparken. Der fekk vi hjelm og klatresele og fekk vite at det viktigaste var "å vere festa i ståltauet heile tida."

AHA - Eventyret kunne starte! Her var vi oppe mellom trea og blei utfordra både på balanse, koordinasjon og styrke på ein leikande måte. Klatreparken har fem løyper med ulike vanskegradar og i ulike høgder over bakken. Vi blei samde om at alle måtte sjølv kjenne etter kva løype dei ville prøve. Men alle starta med den lettaste. Det var trygt å vite, at ein når som helst kunne få hjelp til å koma seg ned på bakken att, om ein ville. Nokon fekk nok adrenalinet til å bruse litt ekstra oppe i toppen, - skal eg, eller skal eg ikkje prøve dette? Men når vi først hadde gått løypa to - tre gonger, gjekk det som ein leik. Det er heller inga skam å snu, det er berre å gjøre det. Ved det eine hinderet var det nesten umogeleg å kome opp åleine, her galdt det å samarbeide og utvikle forskjellige teknikkar for å få opp

ein og ein. Premien var å fyke med "flying fox" heile 200 m. inn i et sikkerheitsnett. YES! - Heile dagen var styrkande, for både sinn og skinn.

Før vi feira laurdagskveld med god middag, bål og leik, gjekk vi på oppdagelsesferd. Kor fint det er i Oppland fylke! Mark og skog er ganske urørt og vi møtte både ender og oksar når vi var ute og gjekk fornøgde rundt i nærområdet. Margunn var ein fortrefleleg guide og fortalte oss om mange fante-strekar som ungane hadde funne

på ved dei plassane vi passerte.

Vi klatra opp i eit tre og leika "Tre i eit Tre". Nokon som har boka heime? Dette treet var ganske unikt- der var sikkert over 10 gode sitjeplassar.

Det blei seint og endå seinare for dei som spelte scrabble. Første spørsmålet søndag var om vi ikkje kunne dra til klatreparken igjen. Dessverre nei, MEN: Vi kan spele FEMTILEIKEN. Her gjeld det å finne lappar med tal frå 1 til 50 i eit avgrensa skogsområde. Deretter måtte ein kome tilbake med lappen for å svare på spørsmål. Det laget som har svart på flest spørsmål til slutt har vunne. Her gjeld det å hjelpe og å utfylle kvarandre. Den eine finn raskt fram og den andre veit kva land Canberra er hovudstad i. Ei oppgåve var slik: "Lag eit stillbilde av speidarlova §10: "Ein speidar arbeider for fred og forståing mellom menneska." Då måtte alle i laget stille opp. Jentene tykte at leiken var så gøy at dei laga wipswaps 50 spørsmål til oss 2



"Tre i eit Tre" fra framme: Astrid Bolik Nissestad, Magdalena Kasperska, Shelly Rudolph, Hedda Belden Ulen, Oddrun Hjelmeset Kyrkjeeide

mødrene som var med. Og speidarjentene kosa seg med å sjå på korleis vi heiste flagget opp og ned, kraup under steinar og klatra opp i trea på jakt etter neste tal. Og oppgåvene var mange. Lag ein yogafigur, syng ein song av Marcus og Martinus, finn ut kor mange dagar det er til bursdagen til Hedda? Vi lo masse- alle saman.

Takk for ei super helg, og takk for lånet av Hedda, Shelly, Astrid, Oddrun og Magdalena (Elise var dessverre forhindra denne gongen). Vi føler oss veldig privilegert som får lov til å bruke tid med desse underbare vesena. Ver budd - alltid budd!

Margunn Hjelmeset og Janet Rudolph

PS: Til alle foreldre med små og mellomstore born- det er her og no vi må vere på plass for å styrke ungane med mange gode opplevelsingar. Dette kan hjelpe dei til å ta gode val seinare i livet.

Loen sokneråd ønsker deg ein god sommar!

ReligiØSEN gjeng

- Marte Sande -

Facebook-sida vår; Loen Kyrkjelyd. Der finn du bilete og filmar frå hendingar som har vore, og blir informert om det som skal skje.

Fiskekonkurranse og fastelavensbollar, afrikansk dans og Facebook. Ja, endå til revyinnslag på bygdakvelden. Er Loen sokneråd litt vel overivrig? Kan hende det. Men det er mål og meinung med det heile.

Tankane bak

Mellan dei første oppgåvene det nye soknerådet tok fatt på førre haust, var å lage ein aktivitetsplan for 2016. Og rådet hadde klare målsetjingar; vi vil ha aktivitet i kyrkja og kyrkjelyden vår, og vi ønsker at fleire finn vegen til gudstenestene. Kyrkja vår skal vere ein stad for både tru og kultur, sang- og musikkglede, tradisjon og nytenking. Og ikkje minst; ein naturleg møtestad for folk. Skulle vi få til dette, måtte vi vere synlege og ha eit godt program for året. I utgangspunktet ville vi gjerne ha «ein aktivitet» til kvar einaste kyrkjessondag. Kven kunne vi invitere? Kva kunne vi finne på? Lokale songkrefter som Lostrupane, Georg Lipai og Elise Bødal ville stille opp. Barnekor i bygda sakna vi, så det vart teke initiativ til å starte opp eit slikt. Utégudstenester, dugnad, Lys vaken og andre hendingar fekk plass i kalenderen. Kyrkjekaffi ville vi ha etter kvar gudsteneste, og helst med heimebakst som platekake eller fastelavensbollar. Aktiv annonsering var òg ein del av planen. Fine plakatar vert hengt opp på strategiske stader før kvar gudstene- ste. Facebook-side vart oppretta og blir aktivt brukt for å nå folket.

La oss gje deg nokre smakebitar frå siste halvår i Loen kyrkjelyd:

Hamba nathi Mkhululi wethu

Stardalen mannskor står staseleg oppstilt på dei splitter nye korbenkane, og vakker song fyller kyrkja. Mange har funne vegen til salmekvelden, og syng med for å lære seg nye og ukjende tekstar og toner. Henny Koppen har sett saman ei fin og variert blanding av salmar. Ein treng ikkje alltid synge på norsk; denne gongen får vi òg prøve oss på framande rytmefastelavensbollar. Aktiv annonsering var òg ein del av planen. Fine plakatar vert hengt opp på strategiske stader før kvar gudstene- ste. Facebook-side vart oppretta og blir aktivt brukt for å nå folket.

Det kan vere greitt å vite kva ein faktisk syng, når ein blir gåande og nynne på ein melodi i fleire dagar etter salmekvelden. «Hamba nathi Mkhululi wethu» tyder «gå du med oss, for vegen er lang».

Sveler i vårsola

På steinbordet ved kyrkjegarden er det duka for servering av nysteikte sveler, kaffi og saft. Om lag førti personar er i aktivitet rundt kyrkja. Somme steller graver og planter blomster, andre kostar parkeringsplassen og finn fram benkane for sommaren. Kompostbinge og hagereidskap til utlån kjem på plass ute, medan nytt lerret blir montert inne. Det er invitert til dugnad, og aprilsola gjer sitt til at det blir ei triveleg oppleving. Stemninga er god rundt steinbordet, og svelene til Inga Bødal smakar nydeleg. Dugnadsstunda er både sosial og effektiv, og verdt å gjere til ein tradisjon.

Småstrupane



Bunadskledde i alle aldrar hoppar opp og ned mellom benkeradene i Loen kyrkje, golvet gyngar og barnekoret Småstrupane syng entusiastisk «Hopp hopp kenguru». Det er store smil å sjå i kvart eit fjes i kyrkjelyden, og truleg tenkjer dei aller fleste det same: dette har vi aldri gjort i kyrkja før! Soknerådsmedlem og initiativtakar til koret, Inga Bødal, har nyss oppfordra alle om å vere med å hoppe på siste refreng. Småstrupane hadde nemleg gleda seg stort til dette, og var veldig spente på om dei kunne få alle i kyrkja til å hoppe.

Og hopping vart det, så finstasen verkeleg fekk lufta seg. Denne 17. mai-gudstenesta gløymer vi ikkje med det første.

Guddommeleg humor

Det er laurdagskveld og bygdakvelden i Loen er godt i gang. Inn på scena skrid eit lite opptog, pent pynta for høvet, med vengjer og gloria. «Loen Slokneråd» benkar seg til møte, og tek for seg ei rekke spenstige saker. Agendaen er klar: korleis få fleire til å kome i kyrkja? Det vert oppretta Facebook-side med slagordet «Lik og del, redd ei sjel». Mistydingar rundt bordet fører til at natur-gudsteneste vert til naturist-gudsteneste, «drop in-dåp» vert til «droppe dåp» osv. Eitt av rådsmedlemene insisterer på vaflar i alle samanhengar. Til slutt pluggar ho vaffeljarnet sitt i skøyteleidninga, sikringa går og mørket fell over Loen Slokneråd.

Det er ikkje blasfemi, det er sjølvironi. For når møta er mange og lange, sak etter sak dukkar opp og vert løyst, samarbeid og engasjementet er på plass, då høyrer også ein god dose humor med.

Grilling og fisking

Bortover sandstranda på Breng går eit dåpsfølgje i prosesjon. Eit bjørkekors står godt planta i sanden og Lodalen er kyrkja vår i dag. Vêret og temperaturen er som bestilt, og mange har funne seg ein plass framfor altaret. Bålpanner er klargjort til grilling etter gudstenesta. Borna leikar seg ved vatnet. Det er rein og skjer idyll. Salmesang og gudsteneste gir oss åndeleg påfyll. Henny spelar til og med blokkfløyte for oss. Det bunadskledde dåpsfølgjet vekker nasjonalromantiske kjensler, og det er rørande vakkert og høgtidleg då vesle Marte blir døypt med mektige fjell som bakteppe.

Så er det tid for grilling, ein kaffitår og gode samtalar. Ørreten i Lovatnet vinn fiskekonkurransen, så dei tiltenkte premiane vert like godt fordelt på heile forsamlinga.

Å sitje i soknerådet

Sidan valet førre haust, har soknerådet i Loen funne si form.

Ikkje visste vi at det kunne vere så triveleg å sitje i eit sokneråd. Samarbeidet er godt, kreative tankar velkomne og latteren sit laust. Vi er heldige som har så dyktige folk med oss på laget; sekretærén vår, Olav Faleide, og kyrkjetenaren vår, Inger Rake, har begge lang erfaring og god oversikt over saker, hendingar og kyrkjebygget. Takk og pris for desse to! I tillegg har vi sjølvaste Henny Koppen. Ho er ikkje berre ein svært dyktig og engasjerande prest, ho er òg leikande lett å samarbeide med.

Elles må det nemnast at soknerådet gjerne tek imot innspel frå folk flest. Er det noko du saknar så gje oss eit vink. Vi veit m.a. at det er ei stund sidan nokon har teke initiativ til å arrangere konfirmanjtjubileum i bygda. Om nokon av dei som no nærmar seg eit slikt jubileum ønskjer å arrangere eit slikt treff, er dei hjarteleg velkomne til å organisere dette.

Det som no står for tur på aktivitetsplanen vår, er m.a.

- gudsteneste med sang av Elise Bødal (26.06.),
 - turistgudsteneste (24.07.) og
 - utesokneråd på Nesodden inst i Lodalen (18.09.).
- Velkomne skal de vere!*





Konsert i Sagedammen, Ulvedal

søndag 3. juli kl 1630

*Helene Bøksle og
St Hallvardsguttene*



Kva skjer for ungdomar etter 9.klasse?

av Janet Rudolph

Konfirmantreunion

For første, men ikkje siste gongen, arrangerte vi konfirmantreunion i slutten av april. Her inviterte vi fjarårets konfirmantar til ei enkel samling med god mat. Rundt eit fint dekka middagsbord henta vi fram minner frå konfirmanttida. Kva har skjedd sidan sist? Kva er ungdomane opptatt av, og kva er viktig for tida? Her prata vi lett om no og framtid, tull og tøys, og berre kosa oss med hyggeleg samver. I år tok til og med årets konfirmantar sjansen på å ete taco. Dette var ei kjekk samling med god mat og god prat!



Timeout

Er ein kristen ungdomsklubb som held til i Solvang i Olden. Dei arrangerer ulike helgar gjennom året med ulike høppningar. Helgane er laga slik at du kan vere med på alt, eller berre kome på noko. Timeout vert drive på frivillig basis av studentar og unge vaksne frå Stryn, Trondheim og Oslo. Ei triveleg helg som byrjar fredag kveld med Ung messe i Olden kyrkje. Her er det lovsong, bønnevandring, ungdomsretta andakt og leik med Timeout- stemning.

Etter det flyttar dei seg som oftast til Solvang, der det er høve for mange spennande aktivitetar konkurransar, mat (evt. kokkekamp) bordtennis, airhockey, singstar, speling, fifa, filmkveld, sleepover eller berre å henge og slappe av med gode venner og jawnaldrande. Det kan t.o.m. bli bilrebus. Har du ikkje vore med på slikt før? Berre kom! Mange ungdommar har hatt glede av å vere med på TIMEOUT, og vi er veldig glade for at dette tilbodet finns. Konfirmantar får gudstenestekryss om dei er med på fredagskvelden, og vi hjelper gjerne med transport.



Rovergruppa i Stryn KFUK-KFUM-speidarar

Rovergruppa er ei aktiv gruppe med om lag 15 speidarar i aldersgruppa frå Vidaregåande og oppover. Dei held på med mange spennande aktivitetar som til dømes nattmanøver, toppturar, skøytekveld, flåtebygging, filmkveld og leiartrening for dei som vil.

11 roverar frå Stryn var i Mexico på leir i nyttårshelga, og 6 av dei skal på krinsleir på Sunnmøre i juni. Der skal dei også vere «maur» og hjelpe til med å bygge opp leiren på førehand. I fjor vann roverane i Stryn prisen: "Klatremeister Haikeliga haust 2015", for då hadde dei gått flest høgdemeter i aldersklassa i heile Norge. Roverane gjekk til toppen av Gryta, Kyrkjjenibba og Oldeskaret i løpet av hausten 2015.

Haikeligaen er forresten open for alle som ønskjer det, og det er ikkje noko krav om medlemskap i KFUK-KFUM-speidarane. Her kan ein registrere turar som i all hovudsak foregår i naturen, det kan vere i skogen, på fjellet, eller på sjøen.

Til sommaren gler Rovergruppa seg til besøk av ei fransk speidargruppe med speidarar i alderen 14 til 17 år. Der i landet heiter speidarane Pionniers and Caravelles.

Stryngruppa har hatt samarbeid med Jølstergruppa i siste 5 åra og snart blir det Roverfemkamp. Den består av action, konkurranse og sosial samankomst med tradisjonar. Det er snart Roveropptak, etter ei tid i rovergruppa blir medlemmene utfordra på nokre uventa og krevjande oppgåver, og får deretter utdelt dei burgunder skulderklaffane til speidarskjorta.

Ta kontakt med Rolf Olav Gjørven om du vil vere med på eventyr og bli med i rovergruppa



Rennesøy

Om du har lyst å sjå kva dei har opplevd i det siste, ta en titt på dette:

https://www.youtube.com/results?search_query=%C3%A5rskavalkade+rover+stryn

Gjevarteneste i Hornindal kyrkjelyd

av Brynhild Lund Notøy

På møte i Hornindal sokneråd i mai vart det bestemt at ein vil oppmode medlemene i kyrkja om å gje ei pengegåve til soknerådet sitt arbeid. Kyrkjeklokka har intervjua leiaren i soknerådet Christine Helgesen Haugen om gjevartenesta.

Kvifor gjevarteneste?

Hornindal sokneråd ønskjer å oppretthalde ei god og framtidsretta drift i kyrkja vår. Det kommunale tilskotet har gått ned dei siste åra. Pris- og lønsauke har ført til at vi får mindre pengar til vedlikehald og andre oppgåver. Likevel har det vorte utført mange naudsynne utbetringar. Mykje har vorte gjort ved hjelp av fondsmidlar, men no minkar desse faretruande. Difor vil vi gå ut til kyrkjelyden og be om midlar.

Kva arbeid har de utført siste åra?

Det elektriske anlegget er oppgradert. Så har vi fått elektrisk ringeanlegg. I bårehuset har vi fått nytt kjøleanlegg. Vi har òg installert varmepumper. På dugnad har vi bygd rullestolrampe, vasspostar, måla bårehuset, portane og rekverket på rullestolrampa og fått nye puter i benkane. Det har vore naudsynne tiltak for å gjere arbeid lettare og for å ta vare på bygningane.

Kva skal pengane brukas til?

Soknerådet treng pengar til innkjøp av "Mi kyrkjebok" til 4 og 6 åringane. Dei som går i 5. klasse får biblar. Vi kjøper boka "Men vanskeligst av alt er kjærligheten" av Per Anders Nordengen til alle brudepar. Dåpsborna får dåpslys og dåpsserviettar. Dei som har mist nokon av sine siste året får blomar. Soknerådet har fått tilbakemel-

dingar på at alle desse gåvene betyr mykje for dei som får dei. Vi vonar difor vi kan halde fram med dette, og det er ein viktig del av trusoplæringa.

Gjevartenesta sin konto er
3705.13.61556
Innbetalinga må merkjast med namn.



Kateketteneste er ikkje lovpålagd, men for å oppretthalde ei god konfirmantopplæring er vi avhengige av denne tenesta. Då treng vi pengar. Vedlikehald av bygningane er eit kommunalt ansvar, men med det tilskotet vi har fått siste åra, er det avgrensa kva vi får gjort. For å dryge pengane vert mykje av arbeidet gjort på dugnad.

Song og musikk er viktig i kyrkja, men vi treng pengar til det òg.

Korleis kan ein gje pengar?

Pengegåver kan gjevast som eingongsinnbetaling eller som fast trekk. Den enkelte avgjer summen sjølv. Gjevartenesta sin konto er 3705.13.61556. Innbetalinga må merkjast med namn.

Kan ein få skattelette for slike gåver?

Ja, gåver over kr. 500 pr. år kan ein trekke frå på skatten. For å få det må namn, kontonummer og personnummer sendast til Elsa Aslaug Ommedal i brev, på sms til 91744350 eller på e-post til elsa.ommedal@yahoo.no.

Kan ein hjelpe til med anna enn pengar?

Ja, som eg har nemnt før så vert mykje arbeid utført på dugnad. Dugnad vert kunngjort med plakatar og på Honndalsportalen. Før 17.mai/konfirmasjonen er det alltid dugnad på kyrkjegarden. Elles så kan ein gå med loddbocker og lage/gje gevinstar til kyrkjelydsbasaren. Til gudstenestene treng vi

kyrkjevertar og tekstlesarar. Mykje vedlikehaldsarbeid vert utført på dugnad. *Den som vil melde seg til tenesta kan ta kontakt med Anne på kyrkjekontoret.* Så lagar ho liste over personar vi kan kontakte.

Til slutt vil soknerådsleiaren takke alle som har hjelpt til så langt. Så vil vi takke alle som vil vere med å gje pengegåver til soknerådet sitt arbeid. Vi er stolte av det arbeidet som vert utført i kyrkjelyden og vi vonar vi får halde fram med det.



Kronerulling i Innvik

Innvik kyrkje treng utvendig måling! Difor vil engasjerte eldsjeler setje i gang ein innsamlingsaksjon for å få kyrkja malt på nytt. Her kan ein bidra med større eller mindre beløp. Pengane vert sett inn på konto i banken.

Kronerulling er ikkje så ofte brukt no for tida, men er eit godt innsamlingsverktøy. Den som betalar inn, utfordrar samtidig ein eller fleire til å gjere det same. Slik går stafetten vidare. Vil ein vere anonym og likevel gje nokre kroner, tek ein kontakt med banken eller brukar det oppgjevne bankkontonummeret.

Det ligg i korta at det også trengst ein engasjert dognadsgjeng, stillas og lagleg ver. Det er nok ikkje realistisk å få gjort arbeidet før neste sommar. Men det er likevel viktig å få starta på innsamlingsarbeidet alt no, så kan kronene rulle inn utover året.

Bygdefolket i Innvik er glad i kyrkja si, og vil gjerne gjere den velstelt!

*Soknerådsleiar Anna Marie S. Vatnamo
tek gjerne imot telefonar frå folk som vil vere med*

*Betal inn og utfordre
ein eller fleire til å gjere
det same*



*Innvik
kyrkje*

Dugnad for nytt toalett i Oppstryn kyrkje

Oppstryn Sokneråd med vedtak om å starte bygging av handikaptoalett ved Oppstryn Kyrkje

Dette er eit prosjekt som har stått høgt på prioriteringslista i fleire år. På soknerådsmøte den 02.06.2016 vart det vedteke at vi startar dette arbeidet tysdag den 14. juni 2016 kl. 17:00.

Det er ikkje gjeve noko løyvingar til dette frå Fellesrådet, så vi har basert oss på å gjere så mykje som mulig på dugnad, og å bruke det vi har av oppsparte middlar. Vi oppfordrar derfor så mange som mulig til å stille på dugnad.

For å få vite når det skal arbeidast kan ein ta kontakt med Kolbein Kaspersen

*Bli med på
dugnad!*

Vi les Bibel saman!



Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Josef og brørne hans

Jakob budde i eit land som vart kalla Kanaan. Han hadde tolv søner. Josef var ein av dei. Jakob var svært glad i Josef. Han fekk laga ein fin kjortel til han, med mange fine fargar. Brørne til Josef blei misunnelege og sinte. Var faren meir glad i Josef, enn i dei?

Josef hadde merkelege draumar. Han fortalte brørne sine om dei, men då vart dei enda meir sint på han. Han fortalte: «Eg drøytmte at vi var ute på åkeren og batt kornband, og kornbandet mitt reiste seg og vart ståande, medan kornbanda dykker stilte seg rundt mitt og bøygde seg for det.» Då sa brørne til han: «Skal du vera konge over oss? Skal du bestemme over oss?» Josef hadde endå ein draum. «Sjå, sola og månen og ellevle stjerner bøygde seg for meg.» Då han fortalte draumen til faren og brørne, irettesette faren han og sa: «Kva slags draum er det du har hatt? Skulle eg og mor di og brørne

dine verkeleg koma og bøya oss til jorda for deg?» Brørne var misunnelege, men faren merka seg det han hadde sagt.

Brørne til Josef gjette ofte sauane til faren. Ein dag vart Josef sendt ut til brørne for å sjå korleis det sto til med dei. Dei såg han på lang avstand, og før han kom fram, planla dei å drepe han. Men då Ruben hørde det, ville han berga han, så han sa: «Vi må ikkje drepe han, kast han ned i denne brønnen» Ruben tenkte han kunne redde han opp etterpå. Då Josef kom fram til brørne sine, reiv dei av han den fine kjortelen han hadde på seg. Så tok dei og kasta han i brønnen. Brønnen var tom, det fanst ikkje vatn der.

Dei sette seg og ville eta. Då dei såg opp, fekk dei auge på ein karavane. Det var kjøpmenn som lasta kamelane sine med varer som skulle seljast i Egypt. Plutseleg seier Juda: «Vi får berre problem om vi drep han. Kom, så sel vi han som slave.» Dei drog Josef opp frå brønnen og selde han som slave. Dei fekk sòlv i betaling. Kjøpmennene batt han fast til ein kamel og tok han med seg til Egypt.

Etter at kjøpmennene hadde tatt med seg Josef, gjekk det opp for brørne kva dei hadde gjort. Korleis skulle dei forklare dette til far? Då tok brørne fram kjortelen til Josef, reiv den og dyppa den i dyreblod. Den fine kjortelen tok dei med heim til faren. Han kjente den straks igjen. Han trudde eit villdyr hadde tatt Josef. Jakob var knust. Han sørga, og trudde aldri han skulle bli glad igjen.

Josef i Egypt

Josef vart ført til eit framand land, til Egypt. Den fyrste tida hadde han det vanskeleg. Han sakna faren så veldig. Josef vart etter kvart seld til Potifar. Han var hoffmann hos farao, kongen i Egypt. Josef vert sett til å arbeide heime hos Potifar. Han gjorde sitt beste og Gud sørgja for at han lukkast med alt han gjorde. Potifar var veldig fornøgd med den jobben Josef gjorde, og sørgja


for at Josef hadde det godt der. Josef var velskapt og vakker, og etter ei stund byrjar kona til Potifar å sjå på han. Ho ville dei skulle vere kjærastar. Men han ville ikkje. Potifars kone vart sint. Ho var van med å få det som ho ville! Ein dag dei var aleine i huset greip ho fatt i kappa hans og sa: «Ligg med meg!» Men han rømde ut av huset og lét kappa vera att i hendene hennar. Då ho såg at han lét kappa vera att i hendene hennar og sjølv rømde ut, ropa ho på husfolket og sa: «Sjå! Mannen min har drege ein hebrear inn i huset som gjer oss til latter. Han kom til meg og ville liggja med meg, men eg ropa så høgt eg kunne. Og då han hørde at eg sette i og ropa, lét han kappa vera att hos meg og rømde ut.» Potifar vart brennande harm då han hørde kva kona fortalte. Han tok Josef og sette han i fengselet der fangane til kongen sat i lenkjer. Han vart sitjande der i fengsel. Men Gud var med Josef og lét han finna godvilje hos styraren for fengselet. Han lét Josef ta hand om alle fangane i fengselet og alt som skulle gjerast der.

(Ei attforteljing av 1 mosebok kap. 37 og 39)

Nokre moment til samtale

*Snakk saman om det å vere misunneleg.

* Det å vere saman med søsken, eller venner er nokre gonger det beste som finst, og andre gongar skikkeleg vanskeleg. Kva er det beste med å ha søsken/vener, og kva er det vanskelegaste?



Bollebakande superheltar

Vinterferie er stas, og bollebaking i vinterferien er enda meir stas! 22 born møtte opp til Førsteklasses-klubb i Betania, og vi hadde ein super formiddag ilag! Vi baka bollar, song, teikna, leika og snakka om nattverd og skjærtorsdag.

I skattekista fann vi oblatar, slike som presten delar ut når det er nattverd i kyrkja, og druer. Alle fekk sjå på desse små runde kjeksa, og undra seg over symbolet i midten. Vi fekk høre påskeforteljinga, om kva som skjedde dei ulike dagane i påska, og kvifor vi feirar denne høgtida. Då vi kom til Skjærtorsdag, fekk borna høre om Jesus som vaska føtene til vennane sine. Dette gjorde han for å vise korleis ein god venn er, at det er ein som bryr seg om andre. Borna fekk også ta del i historia, og alle som ville fekk vaska hendene sine i eit stort vaskefat.

Det var bolledeig til alle, og det blei trilla ut runde, kreative og fine bollar av ivrige hender. Ingen tvil om at denne gjengen likte å bake! Medan bollane heva, teikna vi påskehistoria



med ulike fargar, og song «På Golgata stod det ein kross» Det blei også tid til litt leik og moro, og det blei mange rundar med «Kongen befaler». Stor stas og god stemning!

Sist, men ikkje minst, måtte vi sjølv sagt smake på det ferdige resultatet! Nysteikte bollar og

saft smakte fortreffleg, og vi var alle einige om at bollane var førsteklasses. Vi avslutta samlinga med å utfordre borna til å vere superheltar i fastetida. Superheltar er heilt vanlege born som har lyst å forandre verda. Dei samlar inn pengar til Kirkens Nödhjelp på ulikt vis, ved t.d. å rydde rommet, pante flasker og vere vassjef heime. Borna fekk utdelt Kirkens Nödhjelp sitt barneopplegg, «Superheltar i fastetida», og mange av borna tok utfordringa, og samla inn pengar til fasteaksjonen. Desse fekk tilsendt ein diplom i etterkant. Takk for innsatsen, og takk for ei super samling, alle førsteklasses 1.klassingar!





Ivar Kirkeeide fortel om kyrkjeklokken

På laurdag fekk borna ikkje berre lov til dette, nei, dei hadde til og med tårnbygging med treklossar



Det vart rart å leite i ei bøtte fylt med ris

på galleriet, og vi åt deilige pizzasnurrar i midtgangen. Desse 3. og 4. klassingane løyste mysterium ved hjelp av ulike rebusar som førte dei til viktige plasser i kyrkja. Ved døypefonten lytta dei spent til kva som skjer i dåpen. Altartavla i Nedstryn er veldig spesiell. Ho er nemleg frå 1610, og kan lukkast med to dører. Motivet på tavla er nattverden, med eit måleri av Jesu dåp over. Nattverden, det siste måltidet Jesus hadde med læresveinane sine på skjærtorsdag, var tema for samlinga. «Gjer dette til minne om meg», sa Jesus. Vi går til nattverd til minne om han, for å minnast hans død og oppstode. Tårnagentane spelte til og med drama om denne viktige kvelden i den kristne historia. På gudstenesta i Oppstryn søndagen etter nølte ikkje agentane med å gå til nattverd. På gudstene sta las tårnagentane bøner som dei hadde laga sjølv. Her takka dei for vener, familie, heim og for at dei er friske og får vere i lag og gå på skulen. Agentane presenterte ulike symbol dei hadde funne dagen før i Nedstryn kyrkje. «Vi skal jobbe for det gode, bruke hjarta, bruke

Tårnagenthelg 12. og 13. mars i Nedstryn kyrkje og Oppstryn kyrkje

Tekst av kyrkjelydspedagog Janet Rudolph. Alle bilete teke av Monika Egge

Laurdag 12. og søndag 13. mars var 21 born samla til ei spennande tårnagenthelg. Frå Nedstryn var det 3. klassingane og frå Oppstryn 3. og 4. klassingane som deltok. Mange born gledde seg til å utforske kyrkja på forskjellige måtar. På «vanlege» gudstenester brukar vi ikkje å gå opp i tånet, ta bilete av symbol eller gå på skattejak.



Sebastian Nesje og Karsten Hauge bygger tårn av treklossar

hovudet...» heiter det i tårnagentsongen, og det skal agentane gjere med glede, bestemte 3. og 4. klassingane seg for. Songen framførte dei med rørsler og fekk veldig god hjelp av solistane Oddrun Hjelmeset Kirkeeide og Shelly Rudolph.

Tårnagenthelg er ein del av planen



Kjekt å få lov til å spise i midtgangen av Nedstryn kyrkje

for trusopplæringa, som blei godkjent i 2015. Planen omfattar 34 tilbod for born mellom 0 og 18 år, og fleire nye tiltak vert starta



E.v: Rasmus Carlson og Inge Henrik Egge

opp dei neste åra framover. Borna skal få bli kjent med og utforske skatten i den kristne trua. Mange av dei gleder seg allereie til Lys vaken. Då er dei 5. klassingar og får lov til å overnatte i kyrkja.



Vi vil gjerne takke agentane og dei gode hjelparane for to spennande og interessante dagar.



Samla rund alterringen der Gunnhild Bergset fortel:
Rasmus Carlson, Amalie H. Oppedal Kirkeeide, Oline Sæbø Frøholm, Kine Mikkelsen, Synne Garlid, Linnea Lindvik Aaning, Tomas Eikenes Tjellaug, Gustav Fredheim, Johanne Lunde Sætre, Mikael Nedreberg Holmøy, Frida Indrebø Heisig, Espen Egge Røkke, Karsten Hauge, Ella Solheim Kveen, Sebastian Nesje, Kristin Almskår, Klara Bergem, Emma Berstad, Kristin Birta

Teenleir på Fjordly

Tekst: Julie Sande Sollid (14)

Eg har vore på mange kjekke leiarar før og hadde forventningar om at det også denne gongen skulle bli kjekt. Men Teenleir på Fjordly skil seg ut frå alt anna, og eg fekk ei oppleveling for livet.

Teenleir på Fjordly er for ungdom frå 8. klasse og opp til 18 år. Fjordly er ein leirplass som Normisjon driv, og den ligg i Vågsøy kommune. Temaet på leiren i vår var «Aldri Solo» (alltid cola ;-)). Men dette hadde sjølv sagt ikkje noko med brus å gjere. Det handlar om at ingen skal kjenne seg aleine. Vi hadde mellom anna tre bibeltimar som alle handla om fellesskap. På den første snakka ungdomsleiarane om kva fellesskap er, på den andre snakka dei



Trillebårekonkurranse med nervøs leiar

om kvifor vi må ha fellesskap og på den siste om korleis vi kan ha fellesskap. På Fjordly var det rundt ti leiarar. På denne leiren snakka leiarane med alle, inkluderte alle og eg følte at dei verkeleg ville bli kjend med deltakarane. Slik har det ikkje vore på andre leiarar eg har vore med på.

Vi song mykje og ofte denne leirhelga, både før og etter kvart måltid. Vi hadde også mange songar kvar bibeltime, og hadde i tillegg fleire songstunder. Det var kristen musikk, men alle songane var berekna for ungdom og var fine, kule og fengjande. Etter kvar



Glade romkameratar

bibeltime var det forbønn, der vi alle eller ilag med nokon kunne bli bedt for av ein av leiarane på leiren. Det var ein av bibeltimane som var litt spesiell, der dei som følte for det kunne komme opp og fortelje om noko dei hadde opplevd, eit bibelvers dei likte godt eller noko dei ville dele med alle andre. Det var mange som gjekk fram, og det hadde eg aldri trudd! Men eg skjønte kvifor, dei følte seg trygge då dei snakka. Dessuten hadde alle i rommet teieplikt. For mange vart det ei tung stund, og fleire tok til tårene. Vi fekk høre mange historier om mobbing og

sterke opplevelingar. Det kjendest bra ut for dei som våga å dele det som var vanskeleg å snakke om.

No høyrest det kanskje ut som at vi berre sat i ro, men slik var det ikkje! Vi hadde mange aktivitetar og leikar ute og var mykje aktive. Vi hadde blant anna ein konkurrans i grupper der vi gjekk frå stasjon til stasjon og gjorde ulike oppgåver, som å skyte på blink med luftgevær, kaste stein så langt vi kunne, skyte ein ball i mål, lage eit lagrop, komme seg raskast fram med beina knytt ihop med sidemennene og mykje meir. Vi hadde ein leik som heitte «Capture the flag», der vi konkurrerte om to store påskeegg. Vinnarlaget bestemte seg for å køre «aldri solo», og delte godteriet med alle på leiren. Vi hadde også konkurransar innan fotball, kortspel, lengdehopp og til og med trillebårekøring med ein leiar oppi.

Eg reiste på leiren saman med tvillingsøstera mi, Sol. Begge to stortreivst på Fjordly og vi fekk mange nye venner. Vi kjem heilt sikkert til å reise på leir dit fleire gonger, og vil anbefale alle ungdommar å prøve det. Og forresten, du treng ikkje å vere «super kristen» for å vere med på ein slik leir. Du er velkommen og får det kjekt uansett.

Det var mykje uteaktivitetar



Hornindal sokneråd innbaud til kreativ kveld

23 personar møtte til Idedugnad på Kyrkjelydstova

Er det ikkje ofte slik at mange veit lite om kva soknerådet gjer? Og soknerådet veit heller ikkje alltid så mykje om kva folk flest i bygda ynskjer dei skal arbeide med. Ein manglar møteplassar der partane kan treffast og samtale om tiltak til felles beste.

For å bøte på dette innbaud Hornindal sokneråd til ein såkalla idèdugnad 11. april. Innbyding gjekk til både frivillige og kyrkjeleg tilsette. Soknerådsleiar Christine Helgesen Haugen opna kvelden. Ho gledde seg over dei mange frammøtte og oppmoda til kreativitet når dei oppsette emna vart presenterte.

Kyrkjelydstova

Ståle Hatlelid viste til avtalen mellom Hornindal sokneråd og kommunen om leige av både 1. og 2. høgda. Han rosa den store dognadsinnsatsen av frivillige og arbeidet med nødvendig vedlikehald og fornying gjennom mange år. Men fleire manglar ved bygget blir stadig tydelegare: Tilkomsten stettar ikkje kravet til universell utforming. Huset har berre ein rømmingsveg. Det trengst måling utvendig, dessutan nye vindauge. Toalettdelen treng oppussing. I

det heile: Her er det bruk for både fagfolk og frivillige i tida framover. Men før ein tek fatt på dette må det avklarast kva kommunen vedtek om framtida for bygget.

Grøn kyrkjelyd

Anne Lødemel Honningsvåg hadde ein kort gjennomgang av handlingsplanen for såkalla "Grøne kyrkjelydar" frå 2006. Oppfølging av denne gjorde at Hornindal kyrkjelyd saman med Nordsida og Randabygd fekk diplom som "Grøne kyrkjelydar", blant dei første i Bjørgvin Bispedøme. Den nye handlingsplanen frå Kyrkerådet vart delt ut. Her er krava både færre og enklare og gjev større opning for lokal prioritering enn 2006-planen. Frå gruppene rundt borda kom mange forslag til tiltak ein ynskte vart prioriterte. Soknerådet vil følgje opp desse.

Trusopplæringsplanen

Kateket Beate Nes presenterte den lokale trusopplæringsplanen Saman om skatten som omfattar alle døypte born i Hornindal sokn. Ein skatt Gud vil gje gjennom bibelfortelingane, songane, bøna, fellesskapet og gudstenesta. Ho gjekk gjennom innhaldet i dei ulike fasane 0-5 år, 6-12 år, 13-18

år. Mange tiltak er i godt gjenge, andre ventar på oppstart. Trusopplæring er eit viktig satsingsområde no som kyrkja, ikkje skulen, har ansvaret for å gje kristen opplæring til born og unge, i nært samarbeid med foreldra.

Kyrkje og bårehus

Det trengst oppussing av sakristigang i kyrkja pluss måling av port og gelender til rullestol-inngangen. Dessutan ferdigoppussing av Bårehuset. Takk til Hornindal Bygdekvinnelag som har gitt gáve til dette formålet! Dato for første dognadsinnsats vart fastsett, (der mange frå bygda møtte fram).

Soknerådet arbeider elles med å gjenreise Diakoniutvalet og Utval for vedlikehald og prydnad av kyrkja. Under møtet kom det elles fram ynskje om å få ein minnelund på kyrkjegarden for honndøler som ikkje har fått ei grav på kyrkjegarden.

Det kom fram mange spørsmål og forslag. Soknerådet fekk mangt å ta med seg til møta sine framover. Mange frammøtte tok fram kor inspirerande denne idedugnaden var og ynskte at tiltaket måtte bli årvisst. Kvelden viste at mange har både idear og dognadsvilje. Sentralt i det heile er å ha fokus på kyrkjelydens indre liv: Å finne vegar å gå der ein kan formidle kyrkja sin glade bodskap til unge og eldre: *Å gjere Kristus kjend, trudd, elskar og etterfølgd.*

Jon Ytrehorn.



Frå idemyldringa på Kyrkjelydstova i Hornindal 11. april 2016

DÅPSKLUBBEN TRIPP TRAPP

Medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp

www.tripptrapp-klubben.no

Faddergåve

Som fadder lovar ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve. Å vere fadder for eit barn er ei oppgåve som ikkje vert avslutta når dåpshandlinga er over, for mange betyr det livsvarige band. Som fadder lover ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve. Det meiner Anne Line Tufteland Kroken, prest i St. Jacob kyrkjelyd i Bergen. Ho er fadder til Peder (1 år), og då han vart døypt våren 2015 var medlemskap i Tripp Trapp-klubben gåva frå henne.

Lettar relasjonsbygginga

-- Dåpsklubben bidreg positivt i fadderrolla ved at den gir informasjon og opplæring om den kristne trua gjennom Peders barne- og ungdomstid. Det er lettare å drive trusopplæring viss ein har materiale og informasjon å vise til. Det gjer det også lettare å bygge relasjon mellom meg og han fordi vi har bøker vi kan lese i lag, fortel Anne Line. Dåpsklubben sender ut 3 pakkar i året med bøker og anna materiell. Kroken fortel vidare:

-- Dåpsklubben gjer det lettare å

utføre det oppdraget som eg har lova å gjere. IKO har mange fine måtar å synleggjere bodskapen på og gjennom materialet i Dåpsklubben blir det meir levande. Hadde eg berre hatt Bibelen å vise til, ville det ha vore vanskelegare.

Viktig med kunnskap om religion

Dåpsklubben Tripp Trapp gir ut materiell som fortel om ulike deler av samfunnet. Eitt døme er den kritikaroste boka Akim løper. Boka handlar om barn på flukt og er veldig samfunnsaktuell i den flyktningsituasjonen vi står i no.

-- Det er viktig for eit barn å få vite noko om det samfunnet og den religionen ein er ein del av. Det å få kunnskap om den kristne trua gir kunnskap om religion, og når ein er kjend med omgrep knytt til eins eiga tru er det lettare å vere i dialog med andre religiolar, seier Kroken.

Iko kvalitetssikrar gåva

I IKO-Forlaget er det fleire som jobbar med utveljing av bøkene og materialet barna mottar gjennom Dåpsklubben, og nettopp dette trekker Kroken fram som ein av dei viktigaste grunnane til at ho valde eit medlemskap for sitt fadderbarn: Eg slepp å ta jobben med å kvalitetssikre gåva fordi eg veit at IKO gjer ein gründig jobb og har ein god teologi, derfor er eg trygg når eg hjelper foreldra med trusopplæringa for Peder, fortel Kroken.



Fint at ting går av seg sjølv

Som avslutning spør eg korleis det påverkar henne i kvardagen og då ler ho medan ho forklarar:

-- Det beste er nesten at det går av seg sjølv. Fadderbarnet mitt får kontinuerleg gode gåver, eg stressar ikkje med handling og det er gåver som gir større mening. Til dømes seier badeboka Arken noko om at Gud tar vare på barn, og det er nettopp det eg vil at Peder skal vite.

Min salme

av Hildegjerd Bjørlo



Då eg vart utfordra til å velje min salme, var det ikkje sjølv sagt kva valet skulle falle på. Vi har ein rik song -og salmeskatt som eg har lært å sette pris på frå barndomen av, med alt frå bedehussongar til klassisk kyrkjemusikk.

Til alle høgtider og festdagar, til sorg og tunge dagar, har nokon skrive og komponert uendeleg mykje flott me kan synge eller lytte til.

Valet mitt fall til slutt på ein salme eg har festa meg ved i den seinare tid. Den står i salmeboka på nr 895: "Ja, engang mine øyne skal se Kongen i hans prakt". Den er skriven av tidlegare biskop i Stavanger Karl Marthi-

Ja, engang mine øyne skal se Kongen i hans prakt

Ja, engang mine øyne skal se Kongen i hans prakt;
Få tilbe i hans tempelhall hans nåde og hans makt.
I et krystallklart hav av lys
forsvinner tidens natt og gys,
forvandlet blir hver gåte her til lovsangsjubel der.

Og salighetens tonevell skal bruse som et hav,
som sus av skog en sommerkveld
når himlen er som rav.

Og gjenfødt all naturen er, og ingen skygge faller mer.
Og alt av skjønt mitt øye så, ny glans og glød vil få.

Men skjønnest er det dog å se Guds Lam så underbart,
med merkene fra korsets tre av seirens glans forklart.
Og dette lys er mer enn sol, det er Guds gylne nådestol,
og støvets drakt som her meg bandt,
blir klar som diamant.

Så er jeg frelst, så er jeg fri, så har jeg vunnet frem.
Så er min strid met ett forbi, så er jeg i mitt hjem,
det hjem min Frelser lovet har hver den som
korset med han bar,

Guds paradis,
vårt rette hjem,
det ny Jerusalem.

nussen, og melodien er av organisten Alfred Lunde.

Dette er ein salme der teksten og melodien på ein mektig måte skildrar det kristne håpet for oss. Størst inntrykk gjorde den på meg i gravferda til mor, der den var vald som siste salme inne i kyrkja. Med sterk song frå ei fullsett kyrkje var det som om mor vart borene på "songvenger" inn til det evige.

Eg håpar fleire vil få glede av denne salmen.


Eg utfordrar Elisabeth Tisthamar til å skrive om sin salme



Naustmessa 2016 vart avlyst

Den etterkvar tradisjonelle naustmessa ved Bergsetnausta 2. pinsedag vart i år avlyst for første gong sidan oppstarten på 1990-talet. Soknerådet meinte det vart for hektisk med pinsa og syttande mai så tett på kvarandre.

Nordsida sokneråd lover at tradisjonen med naustmesse ved Bergsetnausta 2. pinsedag skal halde fram, og kjem sterkt tilbake i 2017.



Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



No er det full sommar med ferietid. Dei fleste har planlagt dei tre, fire vekene framover. Andre ønskjer å halde seg i ro, eller må vere heime på grunn av plikter der. Eg ser tilbake på ein tur som eg hadde til Trøndelag i fjor sommar. Når ein kjem til Trondheim, er Nidarosdomen ein stad ein bør få med seg.

I Bibelen står der tre gonger om noko som vert kalla "synd til død" Vi finn det i Matt.12.31, Mark 3.29 og 1.Joh. 16-17. Mange menneske har spekulert på kva det uttrykket betyr, og kor mange "dødssynder" det finst. I gamle dagar meinte dei det var sju. Det var hovmod, misunning, vreide, dovenskap, gjerrigkeit, fråtseri og utukt.

I Nidarosdomen er alle desse "dødssyndene" avbilda på ei plate som er felt ned i golvet omrent midt i kyrkja. Namna står der ikkje, men der er teikn eller symbol for dei. Hesten står for hovmod eller stoltheit, draken for

Ferie - minne

hat eller misunning, villsvinet for vreide, eselet for dovenskap, ulven for gjerrigkeit, reven for havesykje eller fråtseri og bukken for utukt. Eg hadde vore i Nidarosdomen ein gong før, men då hadde eg ikkje kjennskap til denne plata. Fekk eg høve på denne turen, ville eg prøve å leite den opp.

Ein søndagskveld var eg i Trondheim. Turen vart lagt til kyrkja. Eg rekna ikkje med at ho var open så seint på dag, men då eg nærma meg, byrja kyrkjeklokkene å ringje. Eit oppslag viste at der skulle vere pilegrimsgudsteneste. Ei gruppe pilegrimar hadde nådd målet sitt og skulle avslutte turen med ei gudstenesta. Det var ein time før gudstenesta skulle ta til, så det var godt høve til å sjå seg omkring både ute og inne. Eg fann det eg leita etter og fekk sjå kunstverket i golvet. Plata var i den delen av kyrkja som vart nytta til gudstenesta. Då eg gjekk ut av kyrkja, kjende eg meg som ein av pilegrimane.

Som barn høyrdie eg nokre vaksne som snakka om "synd det ikkje er tilgjeving for". Det er mange ting eit barneøyre tek til seg og hugsar i eit langt liv.

Kva er spott mot Anden? Eg er ingen teolog. Kanskje spørsmålet kan gå vidare. Eg ser det som nekting av at Guds eksistens og Jesus som Frelsar, er spott mot Anden. Professor O Hallesby skrev det slik: *"Så lenge du ikkje unnskylder eller skjuler dine synder for Herren, så lenge lever du i permanent syndenes forlatelse, sier Bibelen. Som fisken på alle kanter omgis av vannet, og fuglen omgis av luften, således omgis du på alle kanter av syndenes forlatelse".*

Inga synd er så lita at vi ikkje må be om tilgjeving for den. Inga synd er heller ikkje så stor at ikkje Gud kan tilgi ho.

Vi ønskjer kvarandre ein god sommar! Må ferieminna bli gode minne å ta vare på.

Dugnad i Nedstryn kyrkje

av Kristin Storevik

foto Monica Osvold

Med våren og lyset dukka ynskjet om ein reinhalldsdugnad i kyrkja opp. Nokre medlemmar av Stryn Blandakor og representantar frå Soknerådet møtte. Vi pussa sølvto og bles vekk störkna stearin med varmluft frå stadat det ikkje skulle vere, og glaskupplar vart pussa og vaska. Lysekrunene vart senka ned og pussa, og for fyrste gong på mange år lyser alle pærene.

Sidan det har vore både konfirmasjonar og songarstemne i bygda, er det kjekt å vise fram ei praktfull kyrkje. Til 17. mai kom også skipet på plass igjen under kyrkjetaket. Dugnad er sosialt og kjekt, og det vart tid til kaffi og prat.



Dugnad ved Olden nye kyrkje

Olden bygdekvinnelag og soknerådet utførde i vår dugnad ved kyrkja. I pausen stilte bygdekvinnelaget med svelle og kaffi.



Bak frå v Kjetil F. Hansen, Brita Høgalmen, Reidun Brynestad, Pål Skarstein.

Framme frå v. Sigrid E. Skarstein, Oddfrid Vanberg, Åse Borg, Oddbjørg Bø Muri, Randi Yri Pedersen, Oddrunn Grodås, Elbjørg Skarstein, Inger Rake, Brita Kvamme, Kjersti Fløtre, Liv Bruvoll.

Det var fleire som var med, men dei var gått då biletet vart teke.



Kyrkjeskipet i Nedstryn
kyrkje, som no har blitt
restaurert av Svein Rønne.
Fotograf Ingebrigt Lunde

Svært spesiell dåpsgudsteneste i Nedstry



Søndag 17. april hadde vi ei svært spesiell dåpsgudsteneste i Nedstry. Då vart ein heil familie på 6 personer døypt samtidig. Familien er frå Sudan, og dei kom hit som kvoteflyktingar for 3 år sidan. Vi føler det som ei stor ære at denne familien som kom frå eit land som vi elles reknar som muslimsk,



vil melde seg inn i kyrkja vår. *Sudan har også ein kristen minoritet som er utsett for forfølging, og familien var med der.* Dei er no svært godt etablerte i Stryn.

Kyrkjelyden har teke vel imot dei og stilt opp som fadrar og vene, og soknerådet arrangerte dåpsfest for dei på Betania. Den 8. mai vart begge jentene i familien konfirmerte i Nedstry kyrkje.

Kyrkjesskipet som no er på plass att i Nedstry kyrkje

Skipet kom på plass i kyrkja 13. mai

I vinter losna framre festet på grunn av ein sprekk i treverket. Skipet gjekk då i opplag for å verte reparert.

Restaureringa har Svein Rønne stått for. Han har gjort ein god jobb med å reparere treverket, samtidig som skipet har fått stramma opp mastene og alt tauverket er skifta.

Kyrkjesskipet - som er same ord og har same symbolikk som kyrkjerommet - symboliserer menneskas reise over livets hav. Kyrkjesskipa er kjent frå kyrkjer



i alle europeiske stader med tilknyting til havet, og symbolet er m.a. basert på forteljinga om Noas ark og forteljinga om Jesus som stiller stormen.

Alt tauverket i skipet var morkent og det var fåre for forlis.

Men no har skipet fått ny rigg og er rusta for nye stormar på livets hav.

Skipstypen er ein fregatt som var vanleg frå 1600 talet. Vi veit ikkje kor gamal originalen eller modellen er eller kor den har kome frå. Det er muleg at den har vore i privat eige og seinare gjeve til kyrkja, kanskje den gamle kyrkja før 1859, eller at den er laga spesielt for kyrkja. Skipet har namn *S. Jacob* og det kan stå for sankt Jacob.

Dersom nokon av lesarane kjenner til noko i familiehistoria om dette skipet, er vi svært interessert i å få høre om det.

*Salme nr 893
av Henry Albert Tandberg:*

«*Jeg er en seiler på livets hav,
på tidens skiftende bølge.
Den Herre Jesus meg kursen gav,
og denne kurs vil jeg følge...*»



Kyrkjeferdene før for kyrkjegjengarane i Randabygda - Hopland

Av Else Djuvstein

Vi tenkjer oss ein tidleg søndagsmorgen i 7 - 1/2 8 tida, vinterstid. Det er mørkt. Bratte sledevegar med hålkeføre. (Nyevegen/bygdavegen kom ikkje før i 1939/40). Dei som vil til kyrkje, er alt komne i veg, nokre med oljelykt i handa, nokre med isbroddar under skorne. Til sjøs komne får dei ut kyrkjebåten, femkeipingen, held han ved vorren til alle er komne om bord, unge og eldre, - dei eldste lyt vere att heime. Fyrste roarskifte set seg ved årane, nokre finn sessar i baksuten attmed rormannen, andre på tofster eller ronga i framstamnen. Nokre born får sitje «til bords» ytst på toftene til roarane. Siste mann skuvar frå land, og det ber til fjords.

Vinterstid framturen, i grålysinga. Godt kledde mot kulde og sjøskvett. Kan hende er det kristnabarn med, godt innpakka i kristnaåkle og meir. Det er gjerne berre 2 – 3 veker gammalt. Mora med storplagget godt kring seg og vesla. Roarane, kar og kvinne, med godt fotspenne i banda i båten i ryggtak med sjøkreftene. Det fossar for stamnen. Dei er på kyrkjeveg, 1 ½ - 2 timars veg, kanskje meir, til Utvik, Vereide eller sjeldnare til Innvik.



Kristnaåkle frå Larsbruket, som er laga av oldemora, Maria Matiasdatter Hopland, til Eivind Hopland. Ho laga visst nok tre slike åkle. Det vart gjort frå grunnen av. Ho karda, spann, farga tråden og vov. Truleg finn vi mange slike kristnaåkle rundt i bygda.

I Utvik fekk dei gå i hus hjå Støve og ete niste og vøle seg om etter båtturen. Det somde seg å vere pen og i kyrkjekleda når ein kom til kyrkje. Det vart nok både uro og urøde for husets folk. For det skulle dei ha eit visst børdatale med halm som dei var ut her og henta. I Ryssfjøra på veg til Vereide fekk dei gå inn på ein naustlem og fli seg og ete nista. Ofte kom dei i lag med hennjarane og fekk prate med dei opp Ryssbakkane, gjennom Eidsdalen og til Vereidskyrkja. Det var slik at nokre av Hoplands-gardane hørde til Gloppen og sokna til Vereide. Men på kyrkjeveg var dei i lag anten dei hørde til utetter eller innetter.

Det var gjerne bra ver på framturen, men det kunne snu om til heimreisa, til regn og vind og tung sjø, eller skodde. Ein gong var

dei to båtlag på veg heim. Då dei var komne på fjorden eit stykke, møttest dei, og begge meinte dei hadde rett lei. Dei laut få rett dei som hadde kompass med. – Fjorden kunne vere smilande blid, men også trugande strid. Då vart det såre lovar og verkjande ryggar.

Men sommarsdag var det mange fine kyrkjereiser, grøne lider og solglitrande sjø. Søg og song – ein – eller fleirstemmig. Mange kjende å treffe med kyrkja, nytt å frette. Og dei fekk sjå om gravene til kjære og minnast.


Ved gravferder var det ikkje så like til. Dei fekk ikkje velje korkje årstid eller godver då. Tidleg dags måtte dei ut med kista og gravferdsfylgjet. Framkomne skulle grannane til den døde grave grava. Jordfesting vart det første preikesøndagen etterpå.



Femkeipingen som kjem frå garden Hammer i Randabygda, under fulle segl i Frøyfjorden. Dette var nok den vanlegaste kyrkjebåten. Seglet kunne vel brukast under sær gode tilhøve, men som oftast rodde dei.



Slekt
skal følgje
slekters
gang



Or kyrkjebøkene

Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

Utvik

Døde:

27/4 Dortha Oline Verlo, f. 1947.

06/5 Nellie Hilde Hauge, f. 1996.

Innvik

Døypte:

10/4 *Samuline Piel Heggdal.*

For.: Hans – Ivar Piel og Sofie Amalie Heggdal.

Olden

Døypte:

07/2 *Inga Gullbjørg Sunde Tenden*
For.: Per Jonny Tenden og Cecilie Sunde. (Døypt i Loen)

19/3 *David Solheim Høgalmen*

For.: Rasmus J.Høgalmen og Malene Solheim. (Døypt i Ljosheim)

27/3 *Casper Skrede.*

For.: Andreas Skrede og Mariell Solheim Beinnes.

27/3 *Nikolai Skåre Osvik.*

For.: John Monar Osvik og Torill Skåre.

17/4 *Anna Myklebust Turøy.*

For.: Jan Rune Turøy og Lise Myklebust.

17/4 *Alina Fløtre Rasmussen.*

For.: Kenneth Seime Rasmussen og Eilinn Fløtre

01/5 *Ulrik Tonning.*

For.: Vegard Tonning og Helene Jørgensen.

Døde:

19/1 Jørgen Brynestad, f. 1929.

01/3 Einar Mykløen, f. 1958.

07/4 Sivert W. Yri, f. 1941.

10/4 Milda Skarstein, f. 1919.

Hornindal

Døypte:

14/2 *Nikoline Kalvatn.*

For. Marthe og Joakim Kalvatn
Døypt i Austefjord kyrkje

28/2 *David Luca Seljeset.*

For. Luciana Elena Luca og
Rune Seljeset

27/3 *Lukas Hatlenes Flo.*

For. Mariann Olga Taraldset
Flo og Trond Olav Hatlenes

27/3 *Mathea Grothaug.*

For. Lillian Dorthe Torheim og
Edvin Haugen

10/4 *Anine Tablate Espé.*

For. Catherin Tablate Espé og
Pål Reidar Espé

10/4 *Kenan Eliah Orheim Heggen.*

For. Kristine Sofie Orheim
Hansen og Gisle Andre Heggen

Døde:

18/2 Arne Gausemel f. 1917

Nordsida

Døypte:

28/3 *Klara Sætre.*

For. Liv-Jorun Bergset og
Andreas Sætre

Døde:

15/3 Signe Gald f. 1918

Oppstryn

Døypte:

28/2 *Thea Berge Nygård.*

For. Marita Berge og Aril
Nygård

28/2 *Ola Holsen Foss.*

For. Grete Nesje og Stig Arve
Holsen Foss

28/2 *Kristianne Helen Flo.*

For. Hanne Elise Kampesveen
og Bjørn Inge Flo

27/3 *Anna-Malene Øverli Nedre-*

Flo.

For. Synne Marita Øverli og Jan
Erik Nedre-Flo

01/5 *Hans Sandbakk.*

For. Therese Svarstad og Elias
Sandbakk

Døde:

17/1 Ida Randi Nytun f. 1947

10/2 Solfrid Dårflot f. 1928

07/3 Kirsti Tordis Fure f. 1937

18/3 Terje Grov f. 1957

Nedstryn

Døypte:

14/2 *Synne Bø Solbakken.*

For. Martine Bø Solbakken og
Marius Solbakken

14/2 *Mathias Lindvik.*

For. Carina Lindvik og Erik
Guddal

03/4 *Kristianna og Ingrid Flo.*

For. Reidun Aven og Martin Flo

17/4 *Heidi, Jacob (foreldre), Eli, Siv,
Mathias og Jonas Visnes*

15/5 *Eline Kristiansen Lunde.*

For. Edel Kristin Kristiansen og
Ole Bjørn Lunde

15/5 *Jonatan Rosenvinge-Berge.*

For. Tine Camilla Rosenvinge
og Roar Berge

15/5 *Live og Linnéa Hatledal.*

For. Kamilla og Torbjørn
Hatledal

15/5 *Marielle Aga Hove.*

For. Karian Aga Nygård og
Haldor André Lungård Hove

Døde:

18/2 Jenny Margit Berentzen f. 1932

23/2 Karl Gustav Eklund f. 1934

13/4 Liv Vik f. 1932

18/4 Gudmund Skriversvik f. 1921


17/5 Astrid Erdal f. 1924

Loen

Døypte:

6/3 *Josefine Tenden Molland.*

For. Gunlaug Sande Tenden og
Ørjan Dispen Molland



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisas "Fjordingen".

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

19. juni; 5. s i treeiningstida – Matt 18, 12-18

- Nedstryne 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Kvalen, Randabygd 14:00 Friluftsgudsteneste. Avskil med sokneprest Mari Saltkjel

26. juni; 6. s i treeiningstida / Aposteldagen – Mark 3, 13-19

- Prestestolen, Innvik 14:00 Friluftsgudsteneste. Ved Harald Runde
- Loen 18:00 Ettermiddags gudsteneste. Ved Harald Runde

03. juli; 7. s i treeiningstida – Mark 5, 25-34

- Selja, Selje 11:00 Økumenisk gudsteneste i klosterruinane på Selja. Predikant: Katolsk biskop Bernt Eidsvig, Oslo. Liturg og medlitigar: Prestar frå Nordfjord og Vanylven

10. juli; 8. s i treeiningstida – Mark 12, 28-34

- Nedstryne 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved sommarvikar Irlin Bråten
- Olden 20:00 Kveldsgudsteneste. Ved sommarvikar Irlin Bråten

17. juli; 9. s i treeiningstida – Luk 6, 36-42

- Oppstryne 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved sommarvikar Irlin Bråten
- Nordsida 15:00 Støyldmesse. Ved sommarvikar Irlin Bråten

24. juli; 10. s i treeiningstida – Mark 11, 25-26

- Nedstryne 11:00 Gudsteneste.

- Ved Henny Koppen
- Innvik 16:00 Ettermiddaggudsteneste. Ved Henny Koppen
- Loen 18:00 Turistgudsteneste. Ved Henny Koppen

29. juli; Olsok – Luk 22, 24-27

- Olden gamle kyrkje 19:00 Olsokgudsteneste. Ved Harald Runde
- Oppstryne 20:00 Olsokgudsteneste. Ved sommarvikar Irlin Bråten

31. juli; 11. s i treeiningstida – Joh 8, 31-36

- Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved sommarvikar Irlin Bråten.

07. august; 12. s i treeiningstida

- Joh 4, 27-30. 39-43
- Nedstryne 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Utvikfjellet 15:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Hornindal 12:30 Kulturgudsteneste ved Svormuseet. Ved sommarvikar Irlin Bråten. Konfirmanjtjubileum

09. august; Tysdag

- Nedstryne 14.00 Heilt fyrsteklassess gudsteneste. 1. klassinger blir invitert.
- Loen 18.00 Heilt fyrsteklassess gudsteneste. 1. klassinger blir invitert.

14. august; 13. s i treeiningstida

- Joh 15, 13-17
- Innvik 11:00 Heilt fyrsteklassess gudsteneste. 1. klassinger blir invitert. Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 Heilt fyrsteklassess gudsteneste. 1. klassinger blir invitert. Ved Beate Nes

- Flofjellet 12:00 Friluftsgudsteneste

- Ljosheim, Oldedalen 14:00 Sportsgudsteneste. Ved Harald Runde

20. august; laurdag

- Randabygd Jubileumskonsert
- 21. august; Vingardssøndag / 14. s i treeiningstida – Matt 19, 27-30
- Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Erling Tronvik. Utdeling av 4 årsbok
- Randabygd 11:00 Jubileums-gudsteneste. Biskop Halvor Nordhaug og prost Rolf Schanke Eikum vert med. Mat og program i Randgrendahus etter gudstenesta
- Nedstryne 19:00 Salmekveld

28. august; 15. s i treeiningstida

- Joh 15, 9-12
- Oppstryne 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
- Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Kårstadstøylen, Utvik 14:00 Friluftsgudsteneste. Ved Harald Runde

04. september; 16. s i treeiningstida – Matt 11, 16-19

- Nedstryne 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Hornindal 11:00 Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane

10. september; laurdag

- Olden Korseminar og konsert med Team Sulebakk

11. september; 17. s i treeiningstida – Mark 5, 35-43

- Olden 11:00 Trusoplæringsfest. Festgudsteneste og familie-samling



Etter sommarferien skal mange spente seksåringar byrje på skulen, og vi i kyrkja vil feire alle desse flotte seksåringane med ei heilt spesiell gudstene-ste før skulestart!

Vi oppmodar alle skulestartarar om å ta med skulesekken på gudstene-sta, så lovar vi at dei skal få noko spennande å putte opp i! Foreldre, søsken, besteforeldre og andre er også varmt velkomne til å vere med, og saman skal vi lage fest for årets heilt førsteklasses seksåringar!

Førsteklasses-gudstenestene er lagt til tysdag 9.august (Nedstryn kl. 14.00 og Loen kl. 18.00), og søndag 14.august (Hornindal og Innvik kl. 11.00). I kyrkja skal vi synge ilag, høre ei forteljing frå Bibelen, få noko spennande å putte opp i ranselen og kanskje må vi sjå om ikkje Jesus også er med i sekken? J Mange, både store og små, kan nok kjenne på ei kjensle av å «gruglede» seg til skulestart. Ein både gledar seg og gruar seg på same tid. På gudstenesta vil vi snakke om korleis ein kan vere ein god venn, og korleis vi kan få nye vennar!

Invitasjon kjem i posten til alle skulestartarar. Om du er bestemor eller bestefar og likevel skal vere barnevakt denne dagane; bli med på Førsteklasses-gudsteneste!



Sommar er leirtid!

Velkommen til leiroppevingar på Fjordly

Sommaren er her og sommaren er tid for eventyr! For no har du sjansen til å gjere noko utanom det vanlege. Som til dømes å reise på leir!

Acta barn og unge i Normisjon har to leirstadar i Sogn og Fjordane. Ein i Nordfjord og ein i Sunnfjord. Både Fjordly (Bryggja) og Teigen (Eikefjord) er godt tilrettelagt for sommareventyr og herlige leirdagar. Sommerleir betyr båtliv, bading, utflukter, bålkos, fisking, bibeltimar, fotball, underholdning, gode vennar og mykje meir. Å reise på leir inneber å overnatte heime ifrå, bli kjend med nye menneske, å finne på mykje kjekt saman, og ikkje minst å få høyre meir om Jesus. Alt dette gjer at vi lærer noko nytt og får oppleve noko unikt! Sommartama satsar sjølvsagt også i år på å lage tidenes beste leirsong med leiroppevingar som skapar minner for livet!

På Teigen blir det amigos- og tweensleir, og på Fjordly blir det i tillegg ungdomsleir og familieleir. Altså noko for dei fleste aldersgrupper. Vi tilbyr mange spennande aktivitetar og samlingar. Vi kan mellom anna nemne båt- og badeliv, fotball, volleyball, kubb, god mat, bibelstunder, kveldssamlingar framføre peisen eller bålet, underhaldning, og mykje meir!

På leir er det mange menneske i sving for at deltakarane skal få ei super oppleving. Leiarane er ungdommar og vaksne som brenn for at deltakarane skal ha det bra og få eit eventyr av beste sort. Leirmenyen er variert, og både barne- og ungdomsleirane og familieleir er vanlegvis svært populære, så det er berre til å melde seg på snarast mogleg!

Velkomne på leir!



barn og unge
i normisjon

Leiarar på Fjordly

Tweensleir 1

19.-22. juni / 4.-7. klasse / 825,-

Minileir

24.-26. juni / 4 år-3. kl., med følgje / Born: 670,-, vaksne: 825,-

Tweensleir 2

30. juni - 3.juli / 4.-7. klasse / 825,-

Tenleir

8.-12. juli / 8. kl. – 18 år / 995,-

Familieleir

29.- 31. juli / Pris: Born 0-4 år: gratis / 4.-11 år: 800,- / 12- 18 år: 950,- / vaksne: 1390,- /

Makspris pr. familie: 4380,-

Frist for påmelding er 7 dagar før leirstart. Påmelding etter fristen vert 100,- i tillegg på prisen.

Påmelding gjer du helst via www.normisjon.no/sof
Velg påmelding i eiga fane.



Du kan også sende ein e-post til acta.sof@normisjon.no eller ringe oss på 57866349



B

Fulldistribusjon

Seljumannamesse 2016

søndag 3. juli kl 11:00



*Musikalsk innslag
Helene Bøksle
med
St. Hallvardsguttene*

Økumenisk gudsteneste i klosterruinane på Selja
Kom og hør
Katolsk biskop i Oslo Bernt Eidsvig



**Første-
klassés**

Vi markerer skulestart med ei gudsteneste for alle som skal byrje i 1. klasse. Det vert gudsteneste i desse 4 kyrkjene:

NEDSTRYN tysdag 9.august kl 14.00,
LOEN tysdag 9.august kl. 18.00,
HORNINDAL søndag 14.august kl 11.00
INNVIK søndag 14.august kl 11.00

Velg den kyrkja og dagen som passer best ☺!

Gudsteneste for alle som vil vere med å ynske 1. klassingane lykke til på skulen

TA MED SKULESEKKEN, så skal 1. klassingane få 6-årsboka og ei lita OVERRASKING som er fin å ha med på skulen.


Saman om skatten
Feiring av Trusopplæringa i Indre Nordfjord
DEN NORSKE KIRKJA

Saman om skatten
Festhelg i Indre Nordfjord soul children

10.-11. september
Laurdag:
 Korseminar og konsert med Team Sulebakk
Søndag:
 Soul Church- Festgudsteneste og familiesamling i Olden kyrkje

Saman om skatten Feiring av Trusopplæringa i Indre Nordfjord DEN NORSKE KIRKJA

KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten rundt 15. september. Redaktør vert Olav R. Faleide.
 Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 19. august.